



Årsmelding og rekneskap 2016

Noregs Ungdomslag 2017

Noregs Ungdomslag (NU) vart skipa i 1896 og er ein kulturorganisasjon med over 13 000 medlemmar i 400 lag over heile landet. Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.



Framsidedfoto:

Lansering av Folkepedia, Hellesylt
Foto: Halldis Folkedal

Kontaktinformasjon:

Telefon: 24 14 11 10
E-post: post@ungdomslag.no

På verdsveven:

www.ungdomslag.no
www.facebook.com/noregsungdomslag

www.instagram.com/ungdomslag

www.twitter.com/ungdomslag
#levandelokalkultur



FØREORD FRÅ STYRET

Noregs Ungdomslag feira 120 år i 2016. 120 år med godt lagsarbeid, arbeid for gode lokalmiljø og fremming av eit frilyndt menneskesyn. Ein imponerande alder, og ein imponerande organisasjon.

Dei frilyndte ungdomslaga veks fram rundt om i by og bygd på slutten av 1800-talet. Landet stod overfor to store utfordringar: Utflytting frå bygdene og tilflytting til raskt veksande byer, og innføring av eit moderne folkestyre. På kort tid skulle nye møtestader etablerast, gamle verdier og kultur vidareførast og generasjonar lære å tenke sjølv og ta del i eit offentleg ordsifte og politisk arbeid. Organisasjonar som ungdomslag var forbode, og ein heil ny organisasjonskultur skulle byggjast. Den frilyndte rørsla gjekk i front.

Dei tre berebjelkane frå NU sitt stiftingsår er framleis viktige, men har fått eit heilt nytt innhald. Samfunnet endrar seg, sentralisering, innvandring og nye vaner endrar også dei sosiale møteplassane. Ein samlingsstad, eit fast haldepunkt, der ein kan vere seg sjølv, lære og vere med og skape enten laget driv med teater, dans eller noko heilt anna, er framleis viktig.

Demokratiske verdier under press og ei aukande politkarforakt gjer at lagsarbeidet sin funksjon som ein skule i demokrati er viktigare enn på lenge. Den organiserte kulturfrivilligheita har tronge kår. Difor har NU vore med og teke initiativ til å stifte Kulturalliansen. Ei samanslutning av frivillige, landsdekkande kulturorganisasjonar. Målet er å sikre betre rammevilkår for heile feltet.

Om du kjenner eit ungdomslag, kan du tru du kjenner NU. Om du kjenner tre ungdomslag, er det vanskeleg å sjå kva NU er. Laga er så mangfaldige, aktiviteten så samansett og medlemmane så ulike. Det gjer sentralledet sitt arbeid meir utfordrande, samtidig som det også er organisasjonen si styrke.

Mangfaldet er noko vi møter når vi er ute og besøker lokallaga våre. Kvar og ein medlem, instruktør og styremedlem, kvart einaste lokallag, er med å setje farge og gje innhald til organisasjonen vår. Styret vil takke alle for den innsatsen de legg ned i laget og for levande lokalkultur rundt om i heile landet.

Oslo, 11.3.2017

Styret i Noregs Ungdomslag

Innholdsliste

1	Arbeid i perioden	6
	Langtidsplanstrategi 1: Styrke den lokale aktiviteten	6
	Langtidsplanstrategi 2: Styrke nettverket mellom ungdomslaga på lokalt, regionalt, nasjonalt og nordisk nivå.....	7
	Langtidsplanstrategi 3: Auke opplæringsaktiviteten	7
	Langtidsplanstrategi 4: Styrke demokratiarenaene	8
	Langtidsplanstrategi 5: Sikre ungdomslaga som formidlere av immateriell kulturarv	9
2	Medlemmer, lokallag og fylkeslag	10
	Medlemene.....	11
	<i>Utvikling samla medlemstal dei siste fem åra:.....</i>	<i>11</i>
	<i>Tal lag og medlemmer fordelt etter fylkeslag.....</i>	<i>11</i>
	<i>Utvikling i medlemstalet 2014-2016 fordelt etter fylkeslag.....</i>	<i>11</i>
	Lokallaga	12
	<i>Besøksrunden</i>	<i>12</i>
	Fylkeslaga	13
3	Ungdomshus og lagsbruk	13
	Digital husdatabase	14
	NU-kulturformidling.....	14
	Dokumentasjon av lagsbruka	14
4	Opplæringsarbeidet	15
	Studiearbeidet	15
	<i>Tilskot til opplæringsaktivitet gjennom Studieforbundet i 2016.....</i>	<i>15</i>
	Bunadsopplæringa	15
	Scenerom	15
	Norsk folkeleg dans	15
5	Sentrale tilskipingar	16
	Sommarleiren	16
	Instruktøropplæringa.....	16
	Kven Veit? og Junior Kven Veit?	17
	Nasjonale prosjekt	17
	<i>Folkepedia.....</i>	<i>17</i>
	<i>Ny giv.....</i>	<i>17</i>
6	Informasjonsarbeid og interessepolitikk.....	17
	Informasjonsarbeid.....	18
	Interessepolitikk.....	18
	Medieoppslag	19
7	Styringsstrukturen	20
	Landsmøtet	20
	Landsrådet.....	20
	Heidersmedlemer	21
	Styret	21
	Valnemnd	21
	Utval nedsett av styret.....	22
	<i>Styre for barne- og ungdomsarbeidet i NU.....</i>	<i>22</i>
	<i>Strategisk utval, for sommarleirane 2015-2017.....</i>	<i>22</i>
	<i>Nasjonalt nordlek-utval.....</i>	<i>22</i>
	<i>Arbeidsgruppa for sentrale tilskipingar</i>	<i>22</i>
8	Administrasjonen	23
	Generalsekretæren	23
	Andre tilsette.....	23
	Anna arbeidsgjevaransvar.....	23
	Drift av kontoret.....	23
9	Samarbeidsorganisasjonar og fond	23
	Samarbeidsorganisasjonar	24
	Fonda.....	25
10	Representasjon og eksterne møter	27
	Faste representasjonar/opnemningar	27
	Eksterne møte/representasjon.....	28
11	Tilskot og økonomi	31
	Driftstilskot	32
	<i>Generelt driftstilskot.....</i>	<i>32</i>
	<i>Barne- og ungdomsarbeid</i>	<i>32</i>
	<i>Teaterarbeid.....</i>	<i>32</i>
	<i>Kompetansehevingstilskot.....</i>	<i>32</i>
	Prosjektstilskot	32
	Tilskot til laga utbetalt av sentralledet	32
	<i>Momskompensasjon.....</i>	<i>33</i>
	<i>Frifond</i>	<i>33</i>
12	Rekneskap	34

1 Arbeid i perioden

Landsmøtet i 2014 vedtok ein langtidsplan for perioden 2014-2018 med fem overordna strategiar, og ein nærare omtale av utfordringane knytt til desse strategiane. I tillegg vedtok landsmøtet ein arbeidsplan med mål for perioden 2014-2016. I denne første delen av årsmeldinga rapporterer styret på kva tiltak som er gjennomført i 2016 for å nærme oss måla i arbeidsplanen.

Langtidsplanen sitt overordna mål: Sikre Noregs Ungdomslag sin posisjon som ein organisasjon for lokalkultur og levande lokalmiljø.

Langtidsplanstrategi 1: Styrke den lokale aktiviteten

Noregs Ungdomslag er tufta på lokal aktivitet. Ei styrking av denne aktiviteten vil styrke Noregs Ungdomslag som organisasjon. Ein kvar organisasjon i utvikling må ha ei målsetjing om auke eller vekst for å vere levekraftig.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2016
Innføre ei desentralisert instruktørutdanning innanfor teater og dans, slik at laga kan få fleire og meir skolerte instruktørar.	<p>Den nye desentraliserte instruktørutdanninga starta så smått opp i 2015, medan den nye kurskatalogen var klar vår 2016.</p> <p>I 2016 vart det gjennomført to instruktørkurs på folkedans. Det eine kurset vart gjennomført under storkurset til Rogaland, Telemark og Vest-Agder. Det andre kurset vart gjennomført som eit barneinstruktørkurs i Tromsø i september. Det var planlagt instruktørkurs under Sommarleiren, men sidan den vart avlyst vart det eit instruktørkurs mindre enn fyrst tenkt. I tillegg var det planar om instruktørkurs under Hilmarfestivalen, men det kurset vart utsett til hausten 2017 i stadenfor.</p> <p>På teater vart det gjennomført eitt instruktørkurs, i samband med storkurset til Rogaland, Telemark og Vest-Agder. Dette kurset var ei utprøving av det nye basiskurset i regi og leing, som er grunnsteinen i den nye instruktørmodellen for teater.</p>
NU skal ha satt i gang regionale husutviklingsprosjekt i fire nye fylke	<p>Huset i Bygda Hordaland har prosjektperiode 2014-2016. Hordaland Ungdomslag er prosjekteigar, men NU sentralt er ein aktør i prosjektet, ved at arbeidsgjevaransvaret er lagt til NU, og ved at NU i praksis har det endelege økonomiske ansvaret for prosjektet. Styreleiar har vore representert i styringsgruppa for prosjektet. NU har også fått tilsagn frå Møre og Romsdal fylkeskommune om å starte opp eit tilsvarande prosjekt i dette fylket, og prosjektleiar vart rekruttert på slutten av 2016, med prosjektoppstart i 2017.</p> <p>I Sogn og Fjordane er det tilsvarande prosjektet er heileigd av Sogn og Fjordane Ungdomslag. NU og Sogn og Fjordane Ungdomslag, som starta pionerprosjektet, har hatt mykje dialog om ei nasjonal koordinering av dei tre parallelle Huset i Bygda-prosjekta, og har inngått ein samarbeidsavtale som mellom anna medfører at NU har drifts- og eigaransvaret for portalen husetibygda.no</p>

NU skal ha eit auka servicetilbod overfor lag som driv egne hus.	Forprosjektet NU kulturformidling har blitt gjennomført og avslutta i 2016. Gjennom dette prosjektet ønsker styret å løfte husa som konsert- og kulturarenaer lokalt, ved å samle dei i ei landsdekkande kjede av turnehus. Ein testturne vart gjennomført i oktober i samarbeid med Det Norske Teatret, og erfaringane frå denne turneen har vore med på å konkretisere planane for eit hovudprosjekt. Det er søkt om ekstern finansiering til å iverksetje hovudprosjektet frå 2017.
Nasjonale prosjekt skal synleggjere og styrke den lokale aktiviteten.	Både Huset i Bygda og NU kulturformidling har som føremål å løfte fram den lokale aktiviteten. Prosjektet Folkepedia løfter fram barn og unge, og lokallaga deira.

Langtidsplanstrategi 2: Styrke nettverket mellom ungdomslaga på lokalt, regionalt, nasjonalt og nordisk nivå.

Ungdomslaga sitt arbeid tek utgangspunkt i det lokale særpreget for sitt miljø og sine behov. Det vil vere viktig for organisasjonsbygginga at laga opplever eit fellesskap på tvers av geografiske og faglege linjer. Fylkeslaga må ha ei viktigare rolle i dette arbeidet.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2016
Halvparten av lokallaga skal ha fått besøk frå sentralledet og fylkeslaget, med ein langsiktig strategi for besøk av alle laga innanfor langtidsplanperioden.	Det er gjennomført lokallagsbesøk i Nordland, Troms, Vest-Agder og Østfold. Tilsaman 23 møter med 238 representantar frå 53 lokallag. Dette fordeler seg slik: Nordland: 8 møter, med til saman 80 representantar frå 16 lag. 3 lag er førebels ikkje nådd. Troms: 6 møter med til saman 58 representantar frå 12 lokallag. 6 lag er førebels ikkje nådd. Vest-Agder: 6 møter med til saman 68 representantar frå 21 lokallag. Alle laga nådd! Østfold: 1 møte med til saman 32 representantar frå 3 lokallag. Alle laga i Østfold vart nådd.
Avklare rolla til fylkeslag som ikkje fungerer optimalt ut frå lokallaga sine behov	Det har ikkje vore arbeidd konkret med dette i 2016.
Sommarleiren, folkedansfestivalen, amatørteaterfestivalen og Nordlek skal vere naturlege arenaer for fleire lokallag, med utgangspunkt i strategien for sentrale tilskipingar.	Sommarleiren 2016 skulle arrangerast i Vest-Agder, men måtte diverre avlysast grunna få påmelde. Sommaren 2016 vart det gjennomført Isleik med vel 20 deltakarar frå Noreg. Dette er eit mindre Nordlekstemne som vert arrangert på Island. Det har vore nedsett eit utval som skal greia ut behovet for landsdekkande arrangement i organisasjonen. Utvalet leverer si innstilling på nyåret 2017.

Langtidsplanstrategi 3: Auke opplæringsaktiviteten

Vaksenopplæringsforbundet har satt eit mål om at tal deltakarar på kurs skal doblast i perioden 2012-2017. Dette må NU følgje opp med klare målsetjingar for opplæringsarbeidet på alle plan i organisasjonen. Styrka opplæring vil føre til auka aktivitet og ein meir levande lokalkultur.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2016
Støtteordningane innanfor opplæring skal vere betre kjent i lokallaga	Det vert jamleg orientert om støtteordningane, både i direkte møte med lokallaga og gjennom informasjonskanalane våre. I 2016 har vi for første gong på fleire år opplevd ein markant auke i studietimane som er rapportert inn til Studieforbundet kultur og tradisjon.
Utvikle gjesteinstruktørordninga i NU, slik at fleire lag kan nytte godt av ordninga.	Gjesteinstruktørordninga vert tilbydd innanfor teater, dans og organisasjon. På teater var det totalt 4 oppdrag der laga nytta seg av ordninga. På dans har det vore 2 oppdrag, noko som er færre enn føregående år. Det vert informert om gjesteinstruktørordninga på lokallagsbesøk og i generelt informasjonsmateriale frå NU. På lokallagsbesøka er det mange som viser interesse for ordninga, men det er få som sender inn førespurnad til kontoret.
NU skal ha eit etablert opplæringstilbod for barneinstruktørar	Barneinstruktørkurs er ein del av den nye instruktør opplæringsmodellen på dans, og vil vera eit prioritert fagleg område innanfor kurspakka. Det vart gjennomført barneinstruktørkurs i Tromsø 9.-11. september med 11 deltakarar hovudsakleg frå Nord-Noreg. I 2016 starta førprosjektet Folkepedia, som inneheld danseopplæringsfilmar innanfor folkedans. Det har kome mange gode tilbakemeldingar på Folkepedia frå barneinstruktørar rundt omkring i laga. Facebookgruppa "barneinstruktør folkedans" har fått fleire medlemmer, og vert nytta som eit forum der ein lastar opp videoar og får svar på spørsmål frå andre barneinstruktørar.
Sikre at det finst gode vidareutdanningar for instruktørar	Dei nye kurspakkane for instruktør opplæring på dans og teater gir eit mangfaldig tilbod som også rettar seg mot etablerte instruktørar. Det første temakurset innanfor instruktør opplæringa som skal gjennomførast februar 2017 vart utseld nokre månadar før kursstart. På kurset er det påmeld både erfarne instruktørar og heilt ferske.

Langtidsplanstrategi 4: Styrke demokratiarenaene

Oppslutnaden kring dei formelle demokratiarenaene i ungdomslaga er svak. Dårleg oppmøte på årsmøta på fylkes- og sentralplan medfører at vedtak som blir fatta ikkje er representative, og vi vil i realiteten få ein organisasjon som er styrt av få.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2016
Landsmøtet skal få auka oppslutnad frå lokallaga	Styret forsøker kvart år å forbetre landsmøtet, på bakgrunn av evalueringar frå landsmøteutsendingane. I 2016 vart mellom anna landsmøteseminara opna for fleire enn utsendingane. Styret ønskjer på denne måten å gjere helga meir fagleg relevant, slik at seminara kan vere eit rekrutteringsmiddel i seg sjølv.
Landsrådet skal utviklast som ein møtearena for fylkeslaga og sentralledet	Landsrådsmøtet vart gjennomført i Trondheim, 22.-23. oktober. Deltakinga på møtet er relativt stabil, men styret ønskjer at alle fylkeslaga deltek, slik landsmøtet har pålagt fylkeslaga. Styret har klare strategiar for å utvikle denne møtestaden vidare, slik at den blir oppfatta som viktig for fylkeslaga.
Alle fylkeslag skal gjennomføre årsmøte kvart år, med auka oppslutnad frå lokallaga.	Dette er ei utfordring som styret er svært bevisst på, men der ein er avhengig av at også fylkeslaga tek tak i utfordringa. Det er ikkje alle fylkeslag som har så mykje aktivitet, men då bør fylkesstyra vere desto meir oppteken av å prøve å samle flest mogleg lokallag til årsmøtet, for å drøfte felles utfordringar. Håpet er at besøksrunden også skal medføre auka kontakt mellom lokallaga og fylkeslaga, slik at lokallaga i større grad sluttar opp om og tek ansvar for sine fylkeslag, der dei ikkje fungerer.

Langtidsplanstrategi 5: Sikre ungdomslaga som formidlarar av immateriell kulturarv

Ungdomslaga har ei viktig oppgåve i å formidle og utvikle den immaterielle kulturarven i landet. Tradisjonane spesielt innanfor folkedans og amatørteaterarbeid er lange i ungdomslaga, og det må vere ei nasjonal bevisstheit rundt forvaltninga av denne kulturarven.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2016
NU skal vere ein tydeleg interessepolitisk aktør i samarbeidsorgan og overfor styresmaktene, for å fremje ungdomslaga sin kulturfaglege posisjon.	NU har delteke aktivt i dei ulike paraplyorganisasjonane organisasjonen er medlem i. NU har teke ei spesielt aktiv rolle i Teateralliansen, som er ein ny samarbeidsstruktur for dei landsdekkande amatørorganisasjonane. Kulturdepartementet har gitt Teateralliansen ansvar og midlar til å m.a. drive manusbanken Dramas, og til å forvalte midlar til amatørteaterfeltet i perioden 2015-2017. Teateralliansen har ikkje eigne tilsette, og NU har fått tilført økonomiske ressursar til å koordinere arbeidet i alliansen. I september 2016 vart Kulturalliansen etablert som eit samarbeidsorganisasjon for dei frivillige kulturorganisasjonane. NU har vore ein sentral aktør i dette arbeidet, gjennom eit prosjektleiaransvar for utgreiingsprosessen som låg til grunn for stiftinga av organisasjonen. NU har også hatt sekretariatsfunksjon for Kulturalliansen frå stiftinga og fram mot det første ordinære årsmøtet.
NU skal vere den leiande folkedansorganisasjonen i Noreg.	Noregs Ungdomslag er den største folkedansorganisasjonen gjennom aktiviteten som skjer i laga. Sentralt vert dette forsterka gjennom å tilby instruktørkurs, og gjennom prosjekt og satsingar. Det største prosjektet på folkedans i 2016 var førprosjektet Folkepedia som i fyrste omgang er eit prosjekt for barn og unge. Les meir om Folkepedia seinare i årsmeldinga.

<p>Amatørteatret i NU skal framstå som ein arena for lokal sjølvkjensle, ytringsfridom og mangfald.</p>	<p>I 2016 har det teaterfaglege arbeidet i hovudsak retta seg mot arbeidet med å få etablert den nye instruktørmodellen på teater, samt oppfølging av arbeidet som skjer i regi av Teateralliansen. Gjennom Teateralliansen har NU vore med å utvikle <i>Scenerom</i>, som er ei instruktør opplæring for vidarekomne, og som vert driven av Studieforbundet kultur og tradisjon. Første kursrekke vart satt i hausten 2016, med deltakarar også frå NU.</p> <p>I 2016 har NU arbeidd med korleis mangfaldet i teatergruppene våre kan aukast. Det har blitt utarbeidd eit teaterprosjekt med dette føremålet, som vil bli starta opp i 2017.</p>
<p>NU skal ha eit etablerte og velfungerande samarbeid med andre aktørar som arbeider med bunadsspørsmål, for å tilby gode opplærings- og møtearenaer.</p>	<p>NU har delteke i eit fagleg samarbeid med Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag og Norsk folkedraktforum, om Bunadsopplæringa. NU er representert i styringsgruppa for opplæringa. I samarbeid med Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum og Institutt for bunad og folkedrakt vart det gjennomført fagdagar for bunad på Fagernes i august.</p>

2 Medlemer, lokallag og fylkeslag

Dokumentasjon av aktivitet og medlemstal i lokallaga er særskilt viktig. Tala dannar grunnlaget for tilskot til drift, kurs og tiltak initiert av sentralledet både til barne- og ungdomsarbeid frå Barne- og Likestillingsdepartementet og for teaterarbeid frå Kulturdepartementet. Tal medlemslag og medlemmer avgjer også kor mykje NU får til fordeling av frifondmidlar. Laga sine årsrapportar dannar grunnlag for denne statistikken.

Aktiviteten og tilboda er ulike frå lag til lag. Folkedans, teater, diskotek og barne- og ungdomsklubb samt husdrift er dei største aktivitetane i laga. 180 av laga har eige hus og 65 av laga eig part i eit hus. Medlemmene legg kvart år ned fleire hundre årsverk i dugnadarbeid.

Medlemene

Det er totalt 12.770 personer som er registrert som medlemmer i Noregs Ungdomslag i 2016, pr 3.3.2017.

→ Dette er ei nedgang på 298 medlemmer frå 2015.

Av det totale medlemstalet var 4.745 medlemmer under 26 år.

→ Dette er ein nedgang på 157 medlemmer frå 2015.

Utvikling samla medlemstal dei siste fem åra:

	2012	2013	2014	2015	2016
Under 26 år	5.143	5.042	5.070	4.902	4.745
Over 26 år	8.407	8.122	7.899	8.166	8.025
Sum	13.550	13.164	12.969	13.068	12.770

Tal lag og medlemmer fordelt etter fylkeslag

(Medlemstal per 31.12.2016, henta frå Hypersys 27.2.2017):

Fylkeslag	Tal lokallag		Tal medlemmer		
	Inaktive	Aktive	0-25	26-95	Totalt
Aust-Agder Ungdomslag	1	13	255	416	671
Bygdelagssamskipnaden	0	17	378	823	1.201
Eidsiva Fylkeslag	0	3	37	120	157
Finnmark Ungdomslag	0	2	0	27	27
Fylkeslaget Varden	0	7	5	91	96
Hordaland Ungdomslag	15	48	866	1.370	2.236
Hålogaland Ungdomslag	0	10	70	145	215
Inntrøndelag USL	5	21	189	290	479
Naumdøla Ungdomslag	3	12	115	74	189
Nordland Ungdomsfylking	2	10	64	266	330
Nordmøre og Romsdal UL	4	25	514	554	1.068
Oppland Ungdomslag	4	9	13	120	133
Rogaland Ungdomslag	1	14	211	435	646
Sogn og Fjordane UL	10	37	476	716	1.192
Sunnmøre Frilynde USL	6	27	459	446	905
Sør-Trøndelag UL	1	10	204	182	386
Telemark Ungdomslag	3	11	120	219	339
Troms Ungdomsfylking	3	17	279	494	773
Valdres Ungdomslag	4	5	56	92	148
Vest-Agder Ungdomslag	1	21	296	679	975
Østerdal Ungdomslag	3	2	12	73	85
Direkteinnmeldte lag	5	20	120	386	506
Direkte-medlemmer	-	-	6	7	13
Husmedlemslag		1			
Totalt	71	342	4.745	8.025	12.770

Utvikling i medlemstalet 2014-2016 fordelt etter fylkeslag

(Medlemstal per 31.12.2016, henta frå Hypersys 27.2.2017):

Fylkeslag	Medlemstal			Endring	
	2014	2015	2016	15-16	14-15%
Aust-Agder Ungdomslag	739	709	671	-38	-5,36
Bygdelagssamskipnaden	1290	1257	1201	-56	-4,46
Eidsiva Fylkeslag	156	159	157	-2	-1,26
Finnmark Ungdomslag	13	13	27	14	107,69
Fylkeslaget Varden	86	98	96	-2	-2,04
Hordaland Ungdomslag	1771	2005	2236	231	11,52
Hålogaland Ungdomslag	258	318	215	-103	-32,39
Inntrøndelag USL	575	520	479	-41	-7,88
Naumdøla Ungdomslag	232	211	189	-22	-10,43
Nordland Ungdomsfylking	428	366	330	-36	-9,84
Nordmøre og Romsdal UL	1033	1024	1068	44	4,30
Oppland Ungdomslag	203	225	133	-92	-40,89
Rogaland Ungdomslag	660	686	646	-40	-5,83
Sogn og Fjordane UL	1244	1206	1192	-14	-1,16
Sunnmøre Frilynde USL	952	952	905	-47	-4,94
Sør-Trøndelag UL	411	429	386	-43	-10,02
Telemark Ungdomslag	427	341	339	-2	-0,59
Troms Ungdomsfylking	826	847	773	-74	-8,74
Valdres Ungdomslag	147	149	148	-1	-0,67
Vest-Agder Ungdomslag	916	933	975	42	4,50
Østerdal Ungdomslag	106	87	85	-2	-2,30
Direkteinnmeldte lag	483	527	506	-21	-3,98
Direktemedlemmer	13	6	13	7	116,67
Totalt	12969	13068	12770	-298	-2,28

Lokallaga

Ved utgangen av 2016 var det 342 registrerte aktive lag i organisasjonen. I tillegg er det registrert 71 lag med status inaktiv.

Gloppen Folkedanslag (Sogn og Fjordane Ungdomslag) og Sotra Folkedanslag (Hordaland Ungdomslag) gjorde 1. gongsvedtak om utmelding i 2016. Ungdomslaget Fram Etne (Hordaland Ungdomslag) og BUL Svolvær (Nordland Ungdomsfylking) er ikkje lengre medlemslag, etter at dei gjorde 2. gongs vedtak om utmelding i 2016.

I 2016 har vi fått 2 nye medlemslag, Foreningen Kulturhuset Hovtun i Buskerud og Gravvik Ungdomslag i Naumdøla.

Besøksrunden

Målet med besøksrunden er å treffe alle lokallag til NU i løpet av ein periode på fire år. Siste året av denne runden blir 2017.

- I 2014 vart laga i Møre og Romsdal, Telemark, Oppland og Hedmark besøkt.
- I 2015 gjekk turen til Aust-Agder, Nord-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Rogaland og Buskerud.
- I 2016 vart laga i Nordland, Vest-Agder, Toms og Østfold besøkt.

Besøka har blitt gjennomført i eit samarbeid med fylkeslaga, i dei områda det finst fylkeslag, og som hovudregel er det med ein styremedlem og ein tilsett frå NU på besøka.

Besøka vart gjennomført i følgjande periodar:

- Vest-Agder Ungdomslag: 13. – 17. mars (Ims, Folkedal)
- Nordland Ungdomsfylking 31.mai. – 2.juni (Nilsen, Redalen)
- Hålogaland Ungdomslag: 3. - 6.oktober (Nilsen, Redalen)
- Troms Ungdomsfylking 16. - 21. oktober (Nilsen, Nekstad)
- Eidsiva Fylkeslag 31. oktober (Lauen, Ulvestad)

Fylkeslaga

Ved utgangen av 2016 var 21 fylkeslag tilknytt Noregs Ungdomslag. I tre av fylkeslaga har det ikkje vore aktivitet.

NU sitt årsmøte vedtok i 2009 eit sett minimumsoppgåver for fylkeslaga, for å definere meir deira rolle i organisasjonen:

- o Gjennomføre eige årsmøte
- o Delta på NU sitt landsmøte og landsrådsmøte
- o Sende årsrapport til NU, samt årsmelding og rekneskap for fylkeslaget, innan fastsette fristar.
- o Melde inn kontingentsats til NU, innan fastsette fristar.
- o Andre oppgåver som til ei kvar tid følgjer av lova til NU.

Trass i dette vedtaket, er det ikkje alle fylkeslag som møter på landsmøtet og landsrådsmøtet, slik dei er pålagt å gjere. Dei fleste sender årsrapport, men det er ikkje alle som gjennomfører årsmøte eller som sender utsendingar til landsmøtet eller landsrådsmøtet.

Ei utfordring med fylkeslagsstrukturen i Noregs Ungdomslag er at det er svært mange lokallag som ikkje høyrer under noko fylkeslag. T.d. er det to fylker som ikkje har fylkeslag i det heile tatt. Dette gjer at sentralleddet ikkje kan bruke fylkeslaga som eit fullgodt mellomledd for å nå ut i organisasjonen.

3 Ungdomshus og lagsbruk

Mange av lokal- og fylkeslaga i NU eig eller har part i lagshus, og nokre av laga driv også forretningsverksemd. Husa og delar av inventaret er av stor kulturell verdi, både for lokalsamfunna og for organisasjonen. For dei laga som har hus, er ofte husdrifta ein tidkrevjande del av lagsdrifta. Dei siste åra har sentralledet arbeidd stadig meir med husproblematikk generelt, og rammevilkår for lagseigde kulturbygg spesielt. Huseigarane har utfordringar som må løftast fram på eit nasjonalt nivå, for at sentrale tilskotsordningar o.a. i større grad skal kome husa til gode.

Digital husdatabase

Dei siste åra har det vore forsøkt å samla teknisk informasjon og bilete av alle ungdomshusa i organisasjonen, gjennom ei elektronisk kartlegging av husa. Det er ikkje alle lag som har respondert på kartlegginga, men dei fleste ungdomshusa er no enkelt presentert under nettadressa ungdomshus.ungdomslag.no. Denne sida vil bli teknisk vidareutvikla, og ikkje minst vil også innhaldet kunne utviklast etter kvart som laga ser kva informasjon som ligg ute på eigne ungdomshus. Styret ønskjer med denne sida å løfte fram og synleggjere dei mange ungdomshusa i organisasjonen.

NU-kulturformidling

Styret har arbeidd med konkrete planar for å gjere dei 250 ungdomshusa i organisasjonen til eit landsdekkande turnehus-nettverk, koordinert av ein sentral infrastruktur. Førprosjektet for *NU kulturformidling* er gjennomført i 2016, og legg grunnen for eit planlagt hovudprosjekt. Målet med hovudprosjektet er å formidle varierte, profesjonelle kulturinnslag over heile landet, gjennom å ta i bruk ungdomshusa våre som ei landsdekkande turnescene.

Det vart søkt om midlar til å gjennomføre hovudprosjektet i 2016, men NU fekk avslag på søknaden. Prosjektet er no vidareutvikla, og ein testturne som vart gjennomført i samarbeid med Det Norske Teatret hausten 2016 har vore eit viktig bidrag til dette. Gjennom denne testturneen vart sju ulike ungdomshus i Hardanger vita med forestilinga "Frå landevegen" med Gjertrud Jynge. Testturneen var mykje finansiert av tilskot frå næringsrådet i Hardanger.

Dokumentasjon av lagsbruka

Etter at Norske kulturbygg vart lagt ned i 2012, fekk NU overført ansvaret for å administrere eit dokumentasjonsprosjekt om lagsbruksdrifta i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Eit forprosjekt, finansiert av Norsk kulturråd, vart avslutta i januar 2014, og styret har sidan då hatt planar om å gå vidare med eit hovudprosjekt, med ønskje om å formidle dokumentasjonen om lagsbruksdrifta. For nokre år sidan arva Noregs Ungdomslag ein del midlar frå Kåre Kolås, der føremålet med arven var å støtte produksjonen av ei bok om lagsbruka. Hovudprosjektet blei starta opp i 2015, finansiert av denne arven. Nils Seland er engasjert som hovudforfattar, og målet om å ferdigstille hovudprosjektet er utsett til 2017.

Trygging av eiga

NU har ein eigen tryggingparagraf i lova, som seier noko om sentralledet si rolle når eit lag ønskjer å selje huset sitt, eller i dei tilfelle eit lag med eige hus har blitt lagt ned. Landsmøtet i 2017 gjorde endringar i denne paragrafen, ved å fjerne tryggingperioden på 7 år. I staden for å forvalte eiga i denne perioden, har NU no ansvar for å sørge for at evt. formue skal nyttast til å slette gjeld, og at mogleg restformue etter dette skal nyttast til det beste for det lokale ungdoms- og kulturarbeidet.

NU sentralt har ikkje tradisjon for å gå inn i enkeltsaker knytt til tvister i lokallag. I 2016 har ein likevel valt å bruke ressursar på ei sak i Rogaland, der eit ungdomshus som var delvis eigd av eit nedlagt ungdomslag kom i private hender. NU-styret meinte at eigedomstransaksjonen var urettmessig, og hadde ei prinsipiell tilnærming til saka, om at dersom eit frivillig lag blir nedlagt, så skal ikkje laget si formue tilfalle enkeltmedlemmer, men til føremål som er i tråd med det foreininga stod for. NU leigde inn advokat til å sjå på denne saka, og valte å melde saka inn til retten. NU og motparten møttast til rettsmekling, og kom til eit forlik i saka. Forliket er konfidensielt, men NU fekk dekt sakskostnadene, og restsummen skal etter dette nyttast til det beste for det lokale ungdoms- og kulturarbeidet.

4 Opplæringsarbeidet

Studiearbeidet

Studieforbundet kultur og tradisjon er ungdomslaga sitt studieforbund. I tillegg til å legge til rette for og formidle støtte til opplæring i organisasjonen, er studieforbundet ein pådrivar for utviklingsarbeid innanfor fleire fagfelt, og driv høgare utdanning og interessepolitisk arbeid innanfor feltet opplæring i frivillige organisasjonar. Det blei gjennomført 526 kurs med 16 315 studietimar i Noregs Ungdomslag i 2016, noko som medførte at laga fekk tildelt totalt kr 1 413 566 Dette er ei auke på 1317 timar og 49 kurs frå 2015. Det samla tilskotet vart kr 150 427 høgare enn i 2015.

Bunadsopplæringa

Bunadsopplæringa som er eit samarbeid mellom Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag og Noregs Ungdomslag, starta hausten 2007. I 2016 sat Eli Ulvestad og seinare Mette Vårdal i styringsgruppa for opplæringa for NU.

Scenerom

Scenerom - kurs i regi og teaterproduksjon, er ei nyutvikla kursrekke som blir gjennomført av Studieforbundet kultur og tradisjon, som ein del av arbeidet i Teateralliansen. I 2016 sat Åshild Nordås og seinare Inger Johanne Ruset i styringsgruppa for opplæringa for NU.

Norsk folkeleg dans

Vidareutdanningskurset Norsk folkeleg dans er eit samarbeid mellom NTNU VIDERE, Studieforbundet kultur og tradisjon og NU. Dette er eit populært studie som har hatt oppsving dei siste åra. Deltakarane får arbeida med dansekvalitet i den folkelege dansen, og studiet gjev 15 studiepoeng.

I 2016 vart studiet stoppa då Stortinget vedtok ei forskrift som seier at 50% av undervisninga på etter- og vidareutdanningskurs skal gjennomførast av nokon som er tilsette på den einskilde høgskulen/universitetet. Det vil seie at at 50% av undervisninga på Norsk folkeleg dans må utførast av ein person tilsett ved NTNU for at kravet skulle ha vore oppfylt. Sidan dette ikkje er tilfellet, har NTNU bestemt seg for å avslutta alle samarbeid med eksterne aktørar som oss. Denne

forskrifta stoppar no fleire etter- og vidareutdanningstilbod rundt om i landet, både innanfor store og små fagfelt. Gjennom året har det vore arbeidd politisk for å synleggjera problema dette medfører for dei små fagfelte og mest sannsynleg vert forskrifta endra på slik at kurset kan startast opp att.

Tilskot til opplæringsaktivitet gjennom Studieforbundet i 2016

Fylkeslag	Tilskot	Kurs	Deltakarar	Kurstimar 2016	Kurstimar 2015
Østfold	33 955	16	122	412	427
Akershus	6 745	2	71	48	75
Oslo	77 670	31	345	835	793
Hedmark	17 005	6	84	179	220
Oppland	21 145	7	73	271	374
Buskerud	14 535	6	110	153	230
Vestfold	53 950	27	390	575	602
Telemark	40 945	14	164	431	492
Aust-Agder	80 270	30	433	866	913
Vest-Agder	39 950	19	159	436	412
Rogaland	108 813	45	347	1 263	955
Hordaland	205 785	70	587	2 225	2 000
Sogn og Fjordane	102 605	32	248	1 104	1 136
Møre og Romsdal	221 818	74	563	2 690	2120
Sør-Trøndelag	99 045	25	163	1 072	987
Nord-Trøndelag	125 550	40	287	1 627	1 210
Nordland	66 440	41	335	1 619	933
Troms	73 590	31	188	929	878
Finnmark	19 950	6	31	198	216
NU sentralt	5 130	4	23	54	25
SUM	1 413 566	526	4 700	16 315	14 998

5 Sentrale tilskipingar

Sommarleiren

Sommarleiren 2016 var planlagt lagt til Søgne i Vest-Agder. Dessverre svikta påmeldinga til leiren totalt, og einaste løysinga var å avlyse leiren. Styret har brukt mykje tid på å analysere situasjonen, for å kome nær eit svar på kva den manglande påmeldinga skuldast. Mange enkeltfaktorar ser ut til å ha spelt inn. Styret har også brukt mykje tid på å drøfte kva som må gjerast med leiren framover, for at organisasjonen ikkje skal kome i den same situasjonen igjen.

Ein del av styret sin konklusjon er at vi ikkje har lukkast med å skape eigarskap til leiren i lokal- og fylkeslaga. Organisasjonen medverker i liten grad til rekruttering til leiren, sjølv om det gjennom landsmøtedrøftingar og anna er semje om at leiren er svært viktig for å rekruttere og halde på ungdommen.

Leiren er svært viktig for å motivere og halde på unge medlemmer, og er ei definert satsing for organisasjonen, og styret vil vere svært oppteken av å utvikle konseptet vidare, slik at leiren blir eit robust arrangement. Ein avgjerande suksessfaktorar er at lokal- og fylkeslaga blir med på arbeidet med å rekruttere ungdomar, og å legge til rette for at dei reiser på leir.

Instruktøropplæringa

I tråd med målsetjingane i langtidsplanen om å auke opplæringsaktiviteten, vedtok landsmøtet i 2014 å revidere instruktørmodellen, og det er lagt opp til at instruktørkurs skal bli arrangert regionalt. Dei nye kurspakkane vart lanserte våren 2016 og det er utarbeidd ein økonomisk modell for samarbeid med fylkeslag.

Innanfor dans skal NU kunne tilby grunnleggande instruktørkurs innanfor dei sjangrane som lokallaga utøver, om det er folkedans, linedans, swing eller hip hop. I tillegg tilbyr vi desse kursa:

- Grunnleggande instruktørkurs
- Danseleik for barneinstruktørar
- Juniorinstruktørkurs
- Song til dans
- Turdansrepertoar
- Samdansteknikk
- Runddansrytmer
- Din eigen bygdedans
- Instruktørkurs i koreografi
- Songdans og stordans

Tanken er at instruktørkursmodellen på dans er dynamisk, der det blir opna opp for andre kurs ved behov og etterspurnad. Instruktørkurs skal kunne arrangerast lokalt og regionalt etter kva behov som finst ute i laga. Hausten 2016 vart det organisert eit barneinstruktørkurs i Tromsø i rekordfart, då det skulle startast opp eit tilbod for barn, der laget ville kurse eigne instruktørar. I tillegg fekk laget rekruttert deltakarar frå andre lag i nord.

På teater er modellen bygd opp med eit grunnleggande kurs i regi, som alle må delta på for å kunne gå vidare på eitt av sjangerkursa. Lang/relevant erfaring kan kompensere for det grunnleggande kurset. Sjangerkursa er følgjande:

- Instruktørkurs i vaksenteater
- Instruktørkurs i barne- og ungdomsteater
- Instruktørkurs i musikal
- Instruktørkurs i revy
- Instruktørkurs i komedie/farse
- Instruktørkurs i impro

Det vart gjennomført eit grunnleggande regikurs i Rogaland i januar. Dette var eit testkurs, for å prøve ut det nye konseptet, og erfaringane frå dette kurset vil legge grunnen for det første ordinære kurset, som blir gjennomført i 2017.

Kven Veit? og Junior Kven Veit?

Kven Veit? er ei landsomfattande kunnskapstevling for alle over 14 år. Det vert også skipa til Junior Kven Veit? der målgruppa er personar under 14 år.

I 2016 var temaet for tevlinga Ungdom, sidan medlemsbladet markerte sin 100. årgang dette året. Administrasjon av tevlinga vart også i fjor sett ut til kontoret til Huset i Bygda Sogn og Fjordane. Det var gjort ei evaluering av samarbeidet, noko som vil gje grunnlag for gjennomføring av tevlinga i 2017.

Det deltok 66 tevlande lag frå 26 medlemslag i seniorklassa. I juniorklassa deltok 15 tevlande lag frå 3 medlemslag og 1 skule. Vinnar i seniorklassen var Bergen Ungdomslag Ervingen og vinnar av juniorklassen var Fjelli UL.

I Kven veit? 2016 var det totalt 423 tevlande deltakarar på 81 lag frå 29 ulike medlemslag og 1 skuleklasse. Til samanlikning var det i 2015 var det 360 deltakarar på 64 lag frå 29 ulike medlemslag.

Nasjonale prosjekt

Folkepedia

Folkepedia er eit nasjonalt prosjekt, der det blir produsert danseopplæringsfilmar innanfor folkedans. Ordet Folkepedia er samansett av folke for folkedans, og pedia som både spelar på pedagogikk og wikipedia. I 2016 vart det gjennomført eit førprosjekt som var støtta av Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU).

Førprosjektet Folkepedia vart ein suksess og er det første danseopplæringsprosjektet, uavhengig av dansesjanger, der barn og unge formidlar dans til andre i same målgruppe. Dette blir kalla ung til ung-formidling.

Gjennom læringsfilmar og inspirasjonsfilmar vil Folkepedia vere ein inspirasjon og ressurs for danseopplæring med folkedans. Utgangspunktet for Folkepedia er at folkedansen er i ei brytningstid, der ein treng kule signalprosjekt for barn og unge.

Prosjektet skal synleggjere, inspirere og gjere folkedansen meir tilgjengeleg. Når barn og unge formidlar dans ser barn og unge som driv med folkedans at det er mange som driv med folkedans ulike stader i landet. Med Folkepedia blir folkedans som sjanger ufarleggjort, og barn og unge synleggjort som dansarar. Folkepedia er eit prosjekt som får barn og unge i organisasjonen til å skine.

Filmar frå førprosjektet kan sjåast på folkepedia.no. Styret ønskjer å produsere nye filmar kvart år, slik at folkepedia.no får ein stor base med filmar. Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt støtte til meir filming i fylket dei neste tre åra.

Ny giv

I 2015 og 2016 gjennomførte NU prosjektet NY giv. Ein del av prosjektet var knytt til den nye instruktørmodellen, der det vart utarbeidd ny modell og gjennomført eit barneinstruktørkurs i Bergen. Den andre delen av prosjektet vart avslutta våren 2016. Denne delen av prosjektet omfatta ei satsing på meisterinstruktør og meisterelev. Deltakarar var Maria Skjeldrum Toppe og Silja Solvang som følgde Vegar Vårdal, og Jon Bugge Mariussen som følgde Martin Myhr. Gjennom å følgje meisterinstruktørar fekk meisterelevane lære meir om undervising av folkedans. Dette er ein måte for NU å gje spesialisert oppfølging til utvalde instruktørar.

6 Informasjonsarbeid og interessepolitikk

Informasjonsarbeid

Noregs Ungdomslag sine viktigaste informasjonskanalar er medlemsbladet Ungdom, facebook, nettsidene ungdomslag.no og sommarleiren.no, samt nyheitsbrev på e-post som går ut til tillitsvalte i lokallaga og fylkeslaga.

Medlemsbladet Ungdom har hatt eit opplag på opptil 6.500 eksemplar per utgåve, og kom ut med fire utgåver i 2016. Opplagstalet varierer noko etter kor mange medlemmer laga har registrert i medlemsregisteret. I 2016 kom bladet ut i den 100. årgangen og dette vart markert med "dykk i arkivet" gjennom bladåret. Dette vart og delt på facebook og instagram. Elektroniske utgåver har vorte lagt ut på issuu.com/noregsungdomslag

Samarbeidet med Norsk Barneblad har halde fram, der alle barnemedlemmer i NU får tilsendt Norsk Barneblad fire gongar i året, i staden for å få tilsendt medlemsbladet Ungdom. I bladet er fire sider sett av til våre nyheiter og saker. Samarbeidet med barnebladet og redaktør Nana Rise-Lynum har også i 2016 vore godt. Opplagstalet varier med kor mange barnemedlemmer som til ei kvar tid er innmeldt, men ligg på rundt 2000.

Nyheitsbrev på e-post har i 2016 blitt sendt til styra i lokallaga og fylkeslaga den første veka i månaden (utanom juli). Her blir laga orientert om viktige søknadsfristar og andre saker som er relevant for dei tillitsvalte i laget.

Noregs Ungdomslag har i tillegg nytta seg av ulike sosiale media.

- Facebook.com blir brukt til å formidle saker frå nettsidene, i tillegg til at det blir lagt ut bilete frå arrangement og anna relevant informasjon til tilhengarane. Sommarleiren har eigne facebooksider der ein kan føre dialog med medlemmar og kome med meir spissa informasjon. 31.12.2016 hadde NU 2270 følgjarar på facebook, ei auke på nesten 15% frå 2015 (36 % auke frå desember 2014)

- Biledelingstenesta instagram blir brukt til å dele meir kuriøse bilete frå arkivet og/eller aktivitetar. Det er 644 som følgjer NU på instagram (ei auke på 80 % frå 2015). I 2016 fekk NU 3614 likerklipp på 153 bilete.
- Bilete frå aktivitet/større arrangement blir lagt på Flickr.com.
- Videoar som vert produsert vert lagt ut eigen kanal på vimeo.com
- NU har og brukarkonto på mikrobloggeringsinga twitter.com.
- NU brukar emneknaggen #levandelokalkultur. I 2016 vart alle innlegg på instagram og twitter merkt med dette.

I 2016 vart det og laga ei eiga nettside og facebookside for dansefilmprosjektet Folkepedia.

Interessepolitikk

Det interessepolitiske arbeidet har i hovudsak vore utført gjennom å legge inn ressursar i dei ulike paraplyorganisasjonane NU er medlem i. I 2016 har det særleg vore brukt ressursar på det interessepolitiske samarbeidet mellom amatørteaterorganisasjonane, og gjennom å vere sentral i stiftinga av ein ny paraply innanfor kulturfeltet.

Teateralliansen

Teateralliansen vart etablert som ein fast organisasjon frå desember 2015, og har fått eit oppdrag frå Kulturdepartementet om å forvalte midlar til felles amatørteateriltak i perioden 2015-2017. I 2016 mottok Teateralliansen 8,6 millionar kroner til dette føremålet, og NU har koordinert og administrert arbeidet i alliansen. I tillegg har NU har hatt eit særleg driftsansvar for manusbanken Dramas, som vart overført frå Norsk teaterråd til Teateralliansen frå 1.1.2016.

Stifting av Kulturalliansen

Teateralliansen var i 2015 mottakar av midlar til å utgreie behovet for ei samanslutning for kulturorganisasjonane, og dette arbeidet vart i hovudsak gjennomført i 2016. Generalsekretæren i Noregs Ungdomslag har vore prosjektleiar for utgreiingsprosessen, som enda med at Kulturalliansen vart stifta i september 2016. Tilsaman 30 ulike kulturorganisasjonar står bak stiftinga av organisasjonen, og meininga er at Kulturalliansen skal bli ei slagkraftig felles stemme for kulturfrivilligheita.

NU har inngått ein samarbeidsavtale med interimsstyret for Kulturalliansen, om å stille med sekretariatsressursar fram til det første ordinære årsmøtet i Kulturalliansen.

Andre paraplyorganisasjonar

NU samarbeider også med andre organisasjonar på feltet om interessepolitikk og dreg i lag med andre organisasjonar der vi kan, og har vore representert på møte i både Frivillighet Norge, Vaksenopplæringsforbundet og andre organisasjonar som arbeider for ulike interessepolitiske saker. Vi har og konstruktivt samarbeid med andre einskildorganisasjonar på utvalde felt.

Medieoppslag

Lokallaga har hatt godt med oppslag i lokalavisene i året som gjekk. Fleire kulturprisar, både frå kommune og fylkeskommune, har vorte utdelt til sentrale personar i ungdomslaga. Styreleiar Mette Vårdal hadde fleire kronikkar på prent i 2016. Særleg ga kronikken Bunaden er ikkje det den eingong var eit godt resultat.

7 Styringsstrukturen

Landsmøtet

Landsmøtet blei halde på Royal Christiania Hotel, 23. - 24. april. Det deltok 81 utsendingar med røysterrett på landsmøtet, inkludert styret. I tillegg deltok tre frå administrasjonen. Ein hadde helsingar frå Studieforbundet kultur og tradisjon, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Rådet for folkemusikk og folkedans, Landsrådet for barne- og ungdomsorganisasjonar og Norges Bygdeungdomslag.

Styreleiar Endre Kleiveland opna landsmøtet.

Desse sakene blei handsama i tillegg til ordinære landsmøtesaker:

- o Arbeidsplan 2017 -2018
- o Rammebudsjett 2017-2018
- o Nytt prinsippprogram i 2017?
- o Endring av lova §5 Styret
- o Endring av lova §12 Trygging av eiga
- o Endring av lova §13 Lagsbruksavgifta
- o Endringar i mønsterlovene for lokallaga ogfylkeslaga

Følgjande fråsegner blei vedteke av landsmøtet:

- o Støtt opp om nynorsk barnelitteratur.
- o Vaksenopplæring på nynorsk.
- o Ungdomars meining og kommunesamanslåing.
- o Bevaring av norsk folkekultur må inn i læreplanen.

Utsendingar fylkesvis:

Fylkeslag	Tal
Aust-Agder Ungdomslag	10
Bygdelagssamskipnaden	5
Eidsiva Fylkeslag	4
Finnmark Ungdomslag	1
Fylkeslaget Varden	0
Hordaland Ungdomslag	8
Hålogaland Ungdomslag	0
Inntrøndelag Ungdomssamlag	2
Naumdøla Ungdomslag	1
Nordland Ungdomsfylking	5
Nordmøre og Romsdal Ungdomslag	0
Oppland Ungdomslag	1
Rogaland Ungdomslag	5
Sogn og Fjordane Ungdomslag	3
Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag	2
Sør-Trøndelag Ungdomslag	2
Telemark Ungdomslag	9
Troms Ungdomsfylking	7
Valdres Ungdomslag	0
Vest-Agder Ungdomslag	7
Østerdal Ungdomslag	0
Direkteinnmeldte lag	2
Styret	7
Til saman	81

Landsrådet

Landsrådet er samansett av leiarane i fylkeslaga og styret i Noregs Ungdomslag, og er ein viktig møteplass i organisasjonen. I 2016 blei landsrådsmøtet halde 22. og 23. oktober i Trondheim. Sosialt program laurdag kveld var lagt til BUL Nidaros sin Haustleik.

Det deltok 16 personar frå 14 fylkeslag i tillegg til 8 frå styret og 5 frå administrasjonen.

Saker på saklista var:

- Aktuelle prosjekt/satsingar i fylkeslaga
- Instruktørproplæringa i NU
- Sommarleiren i NU
- Besøksrunden
- Samarbeid mellom fylkeslaga og sentralledet
- Regional organisering
- Meir mangfald i laga
- Ny framtidig tilskiping i NU
- Landsmøtet 2017

Heidersmedlemer

Gunnar Røddal vart utnemnt til heidersmedlem i 2001. Gunnar var tilsett i 35 år som reiseinstruktør innan folkedans, og har gjennom eit langt liv lagt ned ein stor innsats både for norsk folkemusikk og folkedans og NU.

Styret

Styret fram til landsmøtet:

Leiar:	Endre Kleiveland, Hordaland Ungdomslag
Politisk nestleiar:	Kine Reiersen, Oppland Ungdomslag
Org. nestleiar:	Marit N. Krogsæter, Sunnmøre fril. Ungdomssamlag
Styremedlemmer:	Rita Sirirud Strandbakke, Oppland Ungdomslag Håvard Ims, Inn-Trøndelag Ungdomssamlag Morten Nilsen, Nordland Ungdomsfylking Tone Mjelde, Hordaland Ungdomslag
1. vara	Ingeborg Hollekim Bringslid, Hordaland Ungdomslag
2. vara	Fredric J. Nygård, Eidsiva fylkeslag
3. vara	Marie Nicolaisen, Bygdelagssamskipnaden

Styret etter landsmøtet:

Leiar:	Mette Vårdal, Oppland Ungdomslag
Politisk nestleiar:	Marit N. Krogsæter, Sunnmøre fril. Ungdomssamlag
Org. nestleiar:	Håvard Ims, Rogaland Ungdomslag
Styremedlemmer:	Tone Mjelde, Hordaland Ungdomslag Morten Nilsen, Nordland Ungdomsfylking Torbjørn B. Lauen, Hordaland Ungdomslag Kevin Theigmann, Nordland Ungdomsfylking
1. vara	Endre S. Myhre, Oppland Ungdomslag
2. vara	Kine Reiersen, Oppland Ungdomslag
3. vara	Marie Nicolaisen, Bygdelagssamskipnaden

Styret har hatt 8 møte. Eitt av møta har vore halde som telefonmøte. Styret har handsama 111 saker. Styreleiar har fram til landsmøtet eit honorar på 30% av generalsekretærløn. Etter landsmøtet har leiarhonoraret vore på kr 15.000 per månad. Det blir utbetalt honorar til dei andre styremedlemmene for deltaking på styremøta.

Valnemnd

Fram til landsmøtet:

Leiar: Evelyn Laupstad, Troms Ungdomsfylking
Medlemmar: Eirin Stave Samuelsen, Vest-Agder Ungdomslag
Terje Svindseth, Bygdelagssamskipnaden
Cecilie Rørstad, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag
Tone Ingvaldsen, Nordland Ungdomsfylking
Vara: Oddgeir Løvold, Nordmøre og Romsdal Ungdomslag
Roy Sævik, Sogn og Fjordane Ungdomslag
Jostein Apeland, Rogaland Ungdomslag

Etter landsmøtet:

Leiar: Endre Kleiveland, Hordaland Ungdomslag
Medlemmar: Cecilie Rørstad, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag
Tone Ingvaldsen, Nordland Ungdomsfylking
Borghild Opdahl, Hordaland Ungdomslag
Fredric J. Nygård, Eidsiva fylkeslag
Vara: Oddgeir Løvold, Nordmøre og Romsdal Ungdomslag
Rita Sirirud Strandbakke, Oppland Ungdomslag
Jostein Apeland, Rogaland Ungdomslag

Utval nedsett av styret

Styre for barne- og ungdomsarbeidet i NU

Arbeidsutvalet i NU har vore ansvarleg for barne- og ungdomsarbeidet i organisasjonen.

Strategisk utval, for sommarleirane 2015-2017

Lisa Grav Henriksen, Marit N. Krogsæter og Ingeborg Hollekim Bringslid har utgjort eit strategisk utval for utvikling av sommarleirane. Etter at leiren blei avlyst i 2016, har styret teke over det strategiske arbeidet, då ein ønskte å vere tettare på dette arbeidet.

Nasjonalt nordlek-utval

Torunn Bjerkem, Anne-Marie Nerby, Gunn Inger Sture, Nina Byttingsmyr og Torbjørn B. Lauen har vore NU sine representantar i Nordlek-systemet.

Arbeidsgruppa for sentrale tilskipingar

Bente Fidje, Aust-Agder Ungdomslag
Kevin André Theigmann, Nordland Ungdomsfylking
Hilde Løvlien, Eidsiva Fylkeslag
Oddgeir Løvold, Nordmøre og Romsdal Ungdomslag
Håvard Ims, styret

Ressursgruppe for auka mangfald i lokallaga

Tone Mjelde, Oddmunn Hollås og Liv Hege Skagestad har utgjort eit utval som skulle sjå på korleis laga våre kunne bli meir mangfaldige og inkluderande i sine aktivitetar. Utvalet vart satt ned som ei følgje av at landsmøtet i 2015 vedtok ei fråsegn om meir mangfald i laget. Styret tok innspela til utvalet med seg i diskusjonen om korleis mangfaldet kan aukast, og enda opp med eit konkret teaterprosjekt med oppstart i 2017.

8 Administrasjonen

Generalsekretæren

Eli Ulvestad er no er inne i sin andre åremålsperiode som generalsekretær. Kvart åremål varer i 4 år, og gjeldande åremål er inngått til 30. mai 2017.

Andre tilsette

Kulturrådgjevar, teater
Åshild Mjelde Nordås (til og med 31.1.)

Kulturrådgjevar (vikariat)
Torbjørn B. Lauen, 50% stilling i perioden 1.2.-31.5. I tillegg 100% stilling i juni.

Kulturrådgjevar, teater og ungdomshus
Inger Johanne Ruset (frå 1.9.)

Kulturrådgjevar, folkedans
Halldis Folkedal

Informasjonsrådgjevar
Guro Redalen

Organisasjonskonsulent
Alf Steinar Nekstad

Prosjektleiar, NU kulturformidling
Anne-Marte Før, 50% stilling (til og med 1.11.)

Prosjektleiar Huset i Bygda Hordaland
Hanna Hekkelstrand, 40% stilling frå (til og med 31.12.)

Anna arbeidsgjevaransvar

I tillegg har NU hatt samarbeidsavtalar som regulerer arbeidsgjevaransvar for eksterne medarbeidarar:

Ingunn Nyheim, Sogn og Fjordane Ungdomslag (20 % stilling)

Arnfinn Hagen, Dramas (50 % stilling)

Marte Christensen, Dramas (20% stilling)

Marit Gabler, Dramas (frå april 2016)

Drift av kontoret

Noregs Ungdomslag har hatt kontorlokale i Øvre Slottsgate 2B, der vi framleiger kontorlokale frå Norges kulturvernforbund. Mange av dei nasjonale kulturvernorganisasjonane er samla i bygget. Bygget er eigd av eidedomsfirmaet Opulens.

NU har kjøpt rekneskapstenester frå Bokholderi AS.

9 Samarbeidsorganisasjonar og fond

Samarbeidsorganisasjonar

Av-og-til

Av-og-til er ein kampanje som kom i stand for å redusere alkoholforbruket i Noreg, og NU har vore med frå starten.

CIOFF-Norge

CIOFF er ein internasjonal kulturell privat organisasjon (NGO) i formelle rådgivande kontakt med UNESCO. Organisasjonen har som føremål å ta vare på, marknadsføre og formidle tradisjonell kultur og folklore. NU administrerer Cioff Noreg, og formidlar informasjon til lag i NU og FolkOrg.

Det Norske Samlaget

Samlaget er eit stort nynorsk forlag og ein viktig kulturinstitusjon. Dei har mellom anna gjeve ut mange bøker som NU har for sal, særleg innan folkedans.

Den mangfaldige Scenen AS

Noregs Ungdomslag er ein av tre aksjeeigarar i Den mangfaldige scenen, som er eit barne- og ungdomsteater. DMS er eigd med like store delar av NU, BUL Oslo og Det Norske Teatret.

Det Norske Teatret

Noregs Ungdomslag er ein av luteigarane til Det Norske Teatret. Viktige samarbeidssaker er Den Mangfaldige Scenen. Teatret har eit målpolitisk råd som skal gje råd om målbruken ved teatret og andre kulturpolitiske emne som rådet sjølv tek opp.

FN-sambandet

Noregs Ungdomslag er medlem i FN-sambandet, saman med rundt 50 andre organisasjonar. NU har ikkje vore aktiv på arenaer i FN-sambandet i 2016.

Frivillighet Norge

Frivillighet Norge er eit koordinerande organ for arbeidet frivillige organisasjonar gjer i forhold til offentlege utgreiingar og prosjekt. Organisasjonen har om lag 300 medlemsorganisasjonar.

Hovudorganisasjonen Virke

NU er medlem av denne arbeidsgjevarorganisasjonen og har nytta nokre av Virke sine kurstilbod.

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)

LNU er ein paraplyorganisasjon som arbeider med barne- og ungdomspolitiske saker. NU har observatørmedlemskap, men kan søke på alle tilskottsordningane i LNU og delta med talerett i alle fora.

Musikk og Ungdom

Noregs Ungdomslag gjekk inn i ein samarbeidsavtale med Musikk og Ungdom i 2007. Nettverket skal synleggjere verksemd for og med unge innanfor musikkområdet i Noreg og utlandet, vere ein portal for ungdom si musikkdeltaking i inn- og utland samt vere ein samhandlingsplattform for verksemd og tiltak for unge innanfor musikkområdet

Nordisk Samorganisasjon for Ungdomsarbeid (NSU)

NSU er ein paraplyorganisasjon for landsdekkande ungdomsorganisasjonar i Norden. Føremålet er å styrke samarbeidet mellom partipolitisk uavhengige ungdomsorganisasjonar i Norden. Organisasjonen legg vekt på eigenaktivitet, opplysning, samarbeid og kontakt i det nordiske fellesskapet.

Nordlek

Noregs Ungdomslag er medlemsorganisasjon i Nordlek, som ein av 23 nordiske organisasjonar og den einaste norske organisasjonen. Nordlek arrangerer Nordlek-stemne kvart tredje år, Barnlek-stemne for barn og unge kvart tredje år og mindre folkedansstemne som Isleik og Havleikur.

Noregs Mållag

Noregs Mållag arbeider for å styrkja nynorsk som bruksspråk og å tryggja den reelle retten til å vera nynorskbrukar. Mållaget har lenge satsa mykje på skulemål og offentleg målbruk. Noregs Mållag vart skipa i 1906 og har om lag 13000 medlemmer.

Norsk Barneblad

Norsk Barneblad er ei sjølvvegande stifting skipa av Bondeungdomslaget i Oslo, Noregs Mållag, Norsk Måldyrkingslag og Noregs Ungdomslag. Det er også desse organisasjonane som sit i styret og rådet.

Norsk Folkemusikklag

Laget fungerer som eit forum for forskarar, formidlarar, utøvarar og andre som arbeider med eller interesserer seg for folkemusikk og folkedans. Noregs Ungdomslag er medlem.

Nynorsk Forum

Noregs Ungdomslag er med i dette leiarforumet, som driv med politisk samordning og diskuterer felles tema for norskdomsrørsla. Generalsekretær og styreleiar blir invitert til å delta i forumet for NU.

Nynorsk Kultursentrum

Stiftinga Nynorsk kultursentrum eig og driv Ivar Aasen-tunet i Ørsta og Olav H. Hauge-senteret i Ulvik. Stiftinga gjennomfører eit breitt kulturprogram året rundt. Høgdepunktet er Dei nynorske festspela i Ivar Aasen-tunet i slutten av juni, ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen. Noregs Ungdomslag er ein av stiftarorganisasjonane.

Nynorsk pressekontor

Nynorsk Pressekontor (NPK) har sidan starten i 1969 levert stoff på nynorsk til aviser og andre medium landet rundt. Stiftinga Nynorsk Pressekontor inngjekk i 2007 eit tett samarbeid med Norsk Telegrambyrå (NTB), som i dag står for drifta av kontoret. Stiftinga har eit styre på sju medlemmer, der NU oppnemner to av medlemmene.

Riksscenen for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans

Riksscenen for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans blei etablert som stifting 16. mars 2007 av Juoigiid Searvi, Landslaget for Spelemenn, Noregs Ungdomslag, Norsk Folkemusikk- og Danselag og Samspill International Music Network. Føremålet til Riksscenen er å vere ein nasjonal møteplass for aktørar innanfor sektoren og publikum.

Stiftinga for folkemusikk og folkedans (Sff)

Stiftinga for folkemusikk og folkedans er ein sjølvstendig institusjon organisert som stifting. Stiftinga blir leia av eit eige styre, og har representantskapsmøtet, som fagleg samlande og rettleiande organ. Representantskapsmøtet vel Rådet, som toverretta, samordnande og forvaltande organ. Stiftinga omfattar vidare ei utøvande verksemd, Norsk senter for folkemusikk og folkedans som er underlagt styret.

Rådet har 7 medlemmer med personlege varamedlemmer og sit for 4 år om gongen. Noverande råd vart oppnemnt for perioden 1. januar 2016 til 31. desember 2019. Rådet fungerer som eit fagleg sjølvstendig organ, og har ei tredelt rolle som samarbeidsorgan, sakkunnig organ og eit forvaltningsorgan.

Stiftinga Hilmar Alexandersen

Stiftinga Hilmar Alexandersen er ei ideell stifting som skal vere ein arena for å fremje tradisjonskultur og kultur som næring. Stiftinga har som formål å gjennomføre ein årleg folkemusikkfestival med konsertar, kurs og andre aktivitetar knytt til tradisjonsmusikk, -song og –dans. Noregs Ungdomslag er medstiftar.

Studieforbundet kultur og tradisjon

Noregs Ungdomslag er ein av dei største medlemsorganisasjonane i studieforbundet, og har vore med i styret for organisasjonen frå starten av.

Teateralliansen

Teateralliansen er ein samarbeidsorganisasjon for nasjonale amatørteaterorganisasjonar. Organisasjonen har førebels fem medlemsorganisasjonar.

Fonda

Akademifondet for norsk kulturreising

Akademifondet gjev tilskot til tiltak innan folkeopplysning, mål og kulturarbeid. Fondsstyret legg til grunn ei vid tolking av desse omgrepa, og ser gjerne at utøvarar og andre brukarar av folkeleg kultur søker. Ein vil og inspirere til og auke forståinga for å samle inn, ta vare på og nytte tradisjonar innan det folkelege kulturarbeidet. NU utpeikar ein styremedlem til fondsstyret

Alvilde og Knut Fianes legat

Ei testamentarisk gåve etter Alvilde og Knut Fiane der utbyttet skal gå til innkjøp av biblar og anna kristen undervisningslitteratur på nynorsk for barn. Styret i NU er styre for fondet.

Eufemiafondet

Eufemiafondet er oppretta av dramatikaren Peder W. Cappelen. Føremålet med fondet er å stø teaterprosjekt i Noregs Ungdomslag som bygger på norsk kulturell grunn. I tilsegnsbrevet skreiv Cappelen at bakgrunnen for gåva er den støtta og interessa som NU har synt i høve til bruk og utvikling av ny norsk dramatik for amatørar, og det store arbeidet organisasjonen elles gjer for å ta vare på og føre vidare den norske kulturarven. Noregs Ungdomslag er styre for fondet. Det vart ikkje delt ut midlar i 2016 grunna låge renteinntekter.

Ole Bulls fond

Ole Bulls Fond sitt føremål er å gje økonomisk støtte til yngre musikarar og skodespelarar, og til bygdeungdom under musikkopplæring. Fondet er ei samanslåing av Rasmus og Agnes Pettersons fond og tidlegare Ole Bulls Fond. NU oppnemner ein av styremedlemmane i fondet.

Ole Vig-fondet

Ole Vig-prisen går til ein ungdom mellom 20 og 35 år som har gjort ein framifrå kulturell innsats i Ole Vigs ånd. Ein Ole Vig-prisvinnar må ha gjort ein meir enn vanleg god innsats innanfor folkeopplysningarbeid og/eller kunst eller kulturarbeid medrekna idrett. NU utpeikar ein styremedlem til fondsstyret. I 2016 gjekk prisen til songstjerna Agnete Johnsen frå Nesseby. Ho fekk prisen for

hennar lokale og nasjonale innsats som musikar og inspirator, og for å ha gitt psykisk sjukdom ei røyst i samfunnsdebatten.

Opplæringsfondet i Noregs Ungdomslag

Føremålet med fondet er på yte tilskot/stipend til kurs og andre opplæringstiltak som kan styrke medlemmer og tilsette i Noregs Ungdomslag og dei aktivitetane og det arbeidet desse utfører i organisasjonen. Styret i NU er styre for fondet, og det blir delt ut midlar kvart andre år. Det vart ikkje delt ut midlar i 2016 grunna låge renteinntekter.

Peer Væringsaasens nasjonalfond

Fondet, som vart oppretta av Helge Væringsaasen til minne om sonen Peer, eig og driv Elverum Folkehøgskule. Det vert ikkje delt ut årlege stipend frå dette fondet. I statuttane for fondet skal NU og Norsk Folkehøgskulelag oppnemne kvart sitt styremedlem.

Stiftinga Vener av dag og tid.

Stiftinga Vener av dag og tid er ei omdanning av tidlegare Riksfondet for nynorsk presse. NU oppnemner to styremedlemmer til stiftinga.

Yttri-fondet

Yttri-fondet vart oppretta til minne om Ivar Aasen, Aasmund Olavson Vinje, Per Sivle og Arne Garborg. I 2015 blei det ikkje delt ut midlar frå fondet. NU oppnemner to styremedlemmer til fondet.

10 Representasjonar og eksterne møte

Faste representasjonar og verv

Fleire av styremedlemmene og dei tilsette sit i styre og råd for fleire av samarbeidsorganisasjonane til NU. Ikkje alle representasjonar er ei direkte følge av posisjonen i Noregs Ungdomslag, men styret finn det rett å rapportere om desse tillitsverva i årsmeldinga:

Organisasjon	Verv/posisjon	Innehavar av vervet
Akademifondet for norsk kulturreising	Styremedlem	Ingrid Tuko
Dans i skolen	Styreleiar	Halldis Folkedal
Den Mangfaldige Scenen AS	Styreleiar	Eli Ulvestad
Det Norske Teatret LL	Leiar i målpolitisk råd	Eli Ulvestad
Det Norske Teatret LL	Medlem i valnemnda	Endre Kleiveland
Frivillighet Norge	Styremedlem	Eli Ulvestad
Nordlek	Styremedlem	Torunn H. Bjerkem
Nordlek	Medlem i Barne- og Ungdomsutskottet	Torbjørn B. Lauen
Nordlek	Medlem i Folkekultur- og danseutskottet	Anne Marie Nerby
Nordlek	Medlem i Folkemusikkutskottet	Nina Byttingsmyr
Norsk barneblad	Styremedlem	Håvard Ims
Norsk barneblad	Varamedlem til styret	Lisa Grav Henriksen
Norsk barneblad	Rådsmedlem	Marit N. Krogsæter
Norsk barneblad	Rådsmedlem	Torbjørn B. Lauen
Norsk barneblad	Varamedlem til rådet	Guro Redalen
Norsk barneblad	Varamedlem til rådet	Halldis Folkedal
Nynorsk kultursentrum	Rådsmedlem	Marie Nicolaisen
Nynorsk kultursentrum	Varamedlem til rådet	Håvard Ims
Nynorsk Pressekontor	Styremedlem	Endre Kleiveland
Nynorsk Pressekontor	Styremedlem	Kine Reiersen
Nynorsk Pressekontor	Varamedlem til styret	Rita S. Strandbakke
Nynorsk Pressekontor	Varamedlem til styret	Marie Nicolaisen
Ole Bulls fond	Styremedlem	Ingunn Skjelvan
Ole Vig-fondet	Styremedlem	Marit N. Krogsæter
Ole Vig-fondet	Varamedlem	Lars Bendik Austmo
Peer Væringsaasens Fond	Styremedlem	Kine Reiersen
Riksscenen	Styremedlem	Mette Vårdal
Stiftinga Vener av Dag og Tid	Styremedlem	Marit N. Krogsæter

Stiftinga Vener av Dag og Tid	Styremedlem	Torbjørn B. Lauen
Teateralliansen	Styremedlem	Eli Ulvestad
Unicornis AS	Styremedlem	Eli Ulvestad

Eksterne møte/representasjon

Arrangør	Tema og dato	Kven som deltok
Frivillighet Norge	Toppleiarkonferanse, 11. januar	Ulvestad
Talent Norge	Møte om folkedag, 21. januar	Folkedal
Teateralliansen	Møte om instruktørutpløring, 21. januar	Nordås
Teateralliansen	Styremøte, 21. januar	Ulvestad
Frivillighet Norge	Nettverksmøte økonomiske rammevilkår, 21. januar	Redalen
Den mangfoldige scenen AS	Styremøte, 22. januar	Ulvestad
Frivillighet Norge	Styremøte, 25. januar	Ulvestad
Dramatikerforbundet	Møte om Dramas, 26. januar	Ulvestad
Unicornis AS	Styremøte, 26. januar	Ulvestad
Vest-Agder UL	Styremøte, 26. januar	Ims, Folkedal
Gjensidigestiftelsen	Årskonferanse, 27. januar	Folkedal
Teateralliansen	Møte i arbeidsgruppa for Kulturalliansen, 29. januar	Ulvestad
Nynorsk pressekontor	Styremøte og årsmøte, 2. februar	Kleiveland, Reiersen
Fylkeslaga i Agder, Telemark og Rogaland	Storkurs, 2-4. februar	Ims
Teateralliansen	Møte i arbeidsgruppa for Kulturalliansen, 18. februar	Ulvestad
Landsrådet for Noregs barne- og ungdoms-organisasjonar (LNU)	Brukarseminar, Frifond organisasjon 19. februar	Nekstad
Norsk folkemusikklag	Årsmøte, 3. mars	Folkedal
UL Hugnad	Jubileumsfest, 5. mars	Krogsæter, Folkedal
SceneFolk	Samarbeidsmøte, 7. mars	Ulvestad
Kulturdepartementet	Møte om Teateralliansen, 7. mars	Ulvestad
Ole Vig-fondet	Årsmøte, 7. mars	Krogsæter
Sør-Trøndelag Ungdomslag	Årsmøte, 8. mars	Krogsæter
Nynorsk forum	Forumsmøte, 8. mars	Ulvestad
Teateralliansen	Møte i regelverksutval, 9. mars	Nicolaisen, Ulvestad
Universitet i Oslo	Lansering av Norsk ordbok, 9. mars	Redalen
Frivillighet Norge	Medlemsmøte, 10. mars	Krogsæter, Ulvestad
Teateralliansen	Møte om instruktørutpløring, 11. mars	Ulvestad

Dans i Skolen	Årsmøte 4. mai	Folkedal
Kulturalliansen	Møte i arbeidsgruppa 11. mai	Ulvestad
Landsrådet for Noregs barne- og ungdoms-organisasjonar (LNU)	Møte om Frifond, 12. mai	Ulvestad
Peer Væringsaasens Fond	Årsmøte og styremøte, 19. mai	Reiersen
Nynorsk pressekontor	Styremøte 24. mai	Reiersen, Kleiveland
Studieforbundet kultur og tradisjon	Årsmøte og styremøte 25. mai	Ulvestad, Redalen, Kleiveland, Krogseter, Nekstad
Vaksenopplæringsforbundet (VOFO)	Årsmøte 26. mai	Ulvestad
Extrastiftelsen	Informasjonsmøte 30. mai	Nekstad
Kulturalliansen	Midtvegsseminar 30. mai	Vårdal, Ulvestad
Frivillighet Norge	Styremøte 31. mai	Ulvestad
Besøksrunde	Nordland 31. mai – 3. juni	Nilsen, Redalen
Den Mangfaldige Scenen AS	Styremøte 10. juni	Ulvestad
Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum, Studieforbundet kultur og tradisjon og NU	Møte om fagdagane i Bunad 11. juni	Ulvestad, Redalen
Kulturdepartementet	Møte om Kulturalliansen 13. juni	Ulvestad
Kulturalliansen	Arbeidsgruppemøte 15. juni	Ulvestad
Bunadopplæringa	Telefonmøte i styringsgruppa 16. juni	Vårdal
Teateralliansen	Styremøte 20. juni	Ulvestad
Jæren Tingrett	Rettsmekling 17. august	Vårdal, Ulvestad
Norsk folkemuseum	Boklansering "Tradisjon tru"(Aagot Noss) 24. august	Redalen
Frivillighet Norge	Styremøte 25. august	Ulvestad
Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum, Studieforbundet kultur og tradisjon og NU	Fagdagar i bunad og folkedrakt 29. – 30. august	Ulvestad, Redalen
Nordisk samorganisasjon for ungdomsarbeid	Seminar "Ungdom, trivsel og foreningsliv" 1. – 2. september	Krogseter, Lauen
Studieforbundet kultur og tradisjon	Styremøte 1. – 2. september	Ulvestad, Kleiveland
Studieforbundet kultur og tradisjon	Fylkesleiersamling 2. – 3. september	Ulvestad
Nordisk samorganisasjon for ungdomsarbeid	Årsmøte 3. september	Lauen
Kulturalliansen	Stiftingsmøte 5. september	Vårdal, Ulvestad
Teateralliansen	Styremøte 6. september	Ulvestad
Studieforbundet kultur og tradisjon	Styringsgruppemøte, Scenerom 6. september	Ulvestad, Ruset
Norsk kulturråd	Møte om NU kulturformidling 7. september	Ulvestad, Før
Bunadopplæringa	Telefonmøte, 13. september	Vårdal

Förbundet for nordisk vuxenopplysning	Årsmøte 14. – 16. september	Ulvestad
Teateralliansen	Møte med Akershus amatørteaterråd 19. september	Ulvestad
Norsk Barneblad	Telefonstyremøte 19. september	Ims
Nynorskaksjon, Vestlandsregionen	Telefonmøtet 19. september	Vårdal
Nordmøre og Romsdal UL	Instruksjon på organisasjonskurs, Kristiansund 23. – 25. september	Ulvestad
Teateralliansen	Telefonstyremøte 29. september	Ulvestad
Besøksrunden	Hålogaland 3. – 6. oktober	Nilsen og Redalen
Kulturalliansen	Telefonstyremøte 7. oktober	Ulvestad
Teateralliansen	Møte om spelhandboka 10. oktober	Ulvestad
Fordelingsutvalet	Informasjonsmøte, 10. oktober	Nekstad
Norsk musikkråd	Supperåd 12. oktober	Ulvestad
Unicornis	Styremøte 12. oktober	Ulvestad
Den mangfaldige scenen AS	Styremøte 13. oktober	Ulvestad
Nynorsk forum	Halvårsmøte 13. oktober	Ulvestad
Det Norske Teatret	Møte i Målpolitisk råd 15. oktober	Ulvestad
Besøksrunden	Troms 16. – 21. oktober	Nilsen og Nekstad
Frivillighet Norge	Styremøte, 17. oktober	Ulvestad
Teateralliansen	Styremøte 20. oktober	Ulvestad
NU, FolkOrg, Sff, Studieforbundet, Riksscenen	Samrådsmøte folkedans 21. oktober	Vårdal, Ulvestad, Folkedal
Kulturalliansen	Styremøte 27. oktober	Ulvestad
Teateralliansen	Folkemøte 28. oktober	Ulvestad, Ruset, Vårdal
Huset i Bygda Hordaland	Kulturhuskonferansen 29. oktober	Ruset
Dans i Skolen	Styremøte 31. oktober	Folkedal
Hellesylt UL	Lansering Folkepedia, 2. november	Folkedal
Den mangfaldige scenen AS	Strategiseminar, 4. november	Ulvestad, Ruset, Nicolaisen
Telemark UL	Tillitsfolkemøte, Gvarv i Telemark 5. november	Ruset
Studieforbundet kultur og tradisjon	Kursrekka Scenerom, Sørumsand 11. – 13. november	Ruset
Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum, Studieforbundet kultur og tradisjon og NU	Evalueringsmøte, Fagdagane i bunad 15. november	Ulvestad, Redalen
Bergen UL Ervingen	Debatteiar, lagsmøte, Bergen 15. november	Ulvestad
Stiftinga Vener av Dag og Tid	Styremøte, 16. november	Krogsæter, Lauen, Almenningen
Vaksenopplæringsforbundet	Representantskapsmøte, 16. november	Ulvestad
Bunadopplæringa	Telefonmøte 17. november	Vårdal

Rådet for folkemusikk og folkedans	Representantskapsmøte 18. november	Vårdal, Lauen, Folkedal
Riksscenen for folkemusikk og folkedans	Riksscenerådsmøte 18. november	Folkedal
Nordlek	Styre- og utskottsmøte 18. – 20. november	Lauen, Bjerkem, Byttingsmyr, Nerby
Studieforbundet kultur og tradisjon	Styremøte 22. november	Ulvestad, Kleiveland
Frivillighet Norge	Årsmøte 23. november	Vårdal, Ulvestad
Teateralliansen	Møte om spelhandboka 24. november	Ulvestad
Kulturalliansen	Styremøte 28. november	Ulvestad
Dans i Skolen	Styremøte 28. november	Folkedal
Barne- og likestillingsdepartementet	Kontaktkonferanse 29. november	Lauen, Ruset
Kulturminister Linda Helleland	Møte om frivillighet-serklæringa, 5. desember	Ulvestad
Frivillighet Norge	Fag og fest 5. desember	Ulvestad
Dans i Skolen	Styremøte 5. desember	Folkedal
Norsk musikkråd	Jubileumsmiddag 6. desember	Ulvestad
Unicornis AS	Styremøte 8. desember	Ulvestad
Den mangfoldige scenen AS	Styremøte 8. desember	Ulvestad
Frivillighet Norge	Forum for inkludering 13. desember	Ruset
Teateralliansen	Styremøte 14. desember	Ulvestad, Ruset
Frivillighet Norge	Styremøte 15. desember	Ulvestad
Teateralliansen	Møte med Kulturdepartementet 15. desember	Ulvestad
Dramas	Møte i arbeidsgruppa for ny digital plattform 15. desember	Ulvestad
Det Norske Teatret	Møte om basiskurs i teaterregi 16. desember	Ulvestad
Dramas	Prosjektmøte for nye Dramas 20. desember	Ulvestad

11 Tilskot og økonomi

Noregs Ungdomslag har ein samansett økonomi, finansiert av medlemskontingent, ulike deltakaravgifter, og offentlege drifts- og prosjektmidlar. NU forvaltar Frifondmidlar som laga kan søkje på, og søker også om momskompensasjonsmidlar på vegne av lokal- og fylkeslaga. Organisasjonen er godkjend som mottakar av skattefrie gåver.

Driftstilskot

Generelt driftstilskot

Noregs Ungdomslag mottok eit generelt statstilskot over Kulturdepartementet sitt budsjett, der føremålet er å støtte arbeidet vårt med å skape engasjement og levande lokalmiljø. I 2016 mottok NU kr 1.076.000. Dette er ein auke på kr 20.000 i høve til året før, tilsvarande indeksregulering.

Barne- og ungdomsarbeid

Noregs Ungdomslag mottok i 2016 kr. 1.154.149 i tilskot frå Barne- og likestillingsdepartementet til barne- og ungdomsarbeidet. Dette er ein reduksjon på kr 7.658 i høve til 2016. Tilskotet er utrekna etter tal medlemmer under 26 år og tal lokallag med minst 5 medlemmer under 26 år.

Teaterarbeid

Noregs Ungdomslag mottok i 2016 kr 709.223 i tilskot frå Teateralliansen, som har overteke forvaltninga av denne tilskotsordninga etter at Norsk teaterråd blei lagt ned. Dette er ei auke på kr 13.224 frå 2016.

Kompetansehevingstilskot

NU fekk i 2016 tildelt kr 148.178 frå Studieforbundet kultur og tradisjon til kompetanseheving, ein reduksjon på kr 12.622 frå 2015. Tilskotet er utrekna etter totalt studietimetal i organisasjonen.

Prosjektstilskot

Mykje av arbeidet er finansiert heilt eller delvis av prosjektmidlar og eksterne tilskot. Kvart år sender vi søknader til ulike instansar for å finansiere aktivitet og prosjekt innanfor ulike fagområde.

Oversyn over prosjektmidlar og andre tilskot til Noregs Ungdomslag, 2016:

Frå	Føremål	Tilskot
Møre og Romsdal fylkeskommune	Huset i Bygda	450 000
LNU	Folkepedia	200 000
Kulturdepartementet	Konsolidering av Kulturalliansen	1 000 000
Extrastiftelsen	Adm. tilskot Jondal UL	10 000
Kulturdepartementet	Felles amatørteatertiltak (Teateralliansen)	8 621 759
SUM		10 281 759

Tilskot til laga utbetalt av sentralledet

Momskompensasjon

Noregs Ungdomslag får som ein av mange frivillige momskompensasjon gjennom Lotteri- og stiftelsestilsynet. Noregs Ungdomslag søker om kompensasjon etter såkalla forenkla modell. Det blir søkt om kompensasjon på vegne av alle lokal- og fylkeslag, og NU får eit tilsagn som skal fordelast vidare mellom dei laga som har sendt inn søknad.

NU fekk tildelt i alt kr 3.324.677 i momskompensasjon for grunnlagsåret 2015. Dette var 263.400 mindre enn året før. Kr 2.958.546 av dette blei fordelt til lokal- og fylkeslag som hadde sendt inn krav. Avkortinga vart på 23,66%, året før var det ei avkorting på 21,72%. Det resterande beløpet gjekk til å dekke sentralledet sine momsutgifter, inkludert 1% av det samla tilsagnet, som gjekk til administrasjon av ordninga.

Frifond

Frifond er ei støtteordning, i hovudsak finansiert av overskotet frå Norsk Tipping, som skal betre dei økonomiske rammetilhøva for demokratisk og medlemsbasert aktivitet i lokale og frivillige organisasjonar. Støtta går til kulturaktivitet for barn og unge under 26 år.

Organisasjonane får frifondmidlar basert på tal lag med minst 5 medlemmer under 26 år og tal medlemmer under 26 år i desse laga. Laga må dokumentere at dei har medlemmer under 26 år og dei må ha sendt inn årsrapport for føregåande år for å få tildelt Frifondmidlar.

Noregs Ungdomslag fekk i 2016 tildelt kr. 1 704 642 i Frifondmidlar. Dette var kr. 160 891 mindre enn året før. Av desse midlane har sentralledet nytta 5% til administrasjon av ordninga.

Tilskotet har blitt tildelt til laga med eit fast grunntilskot på kr 4.000 og eit variabelt tilskot utrekna etter tal medlemmer under 26 år. Laga kunne i tillegg søkje om prosjekttilskot til teateraktivitet for barn og unge. Lag som hadde færre enn 5 medlemmer under 26 år kunne søkje om oppstartstøtte på kr 4.000.

I 2016 var det 112 lag som fekk tildelt ordinært frifondtilskot, og 10 lag som søkte og fekk tildelt oppstartstilskot. Til samanlikning var det tilsaman 145 lag som fekk frifondtilskot i 2015.

Oversyn over utbetalte frifondmidlar til laga

<i>Fylke</i>	<i>Tilskot 2016</i>	<i>Tal lag 2016</i>	<i>Tilskot 2015</i>	<i>Tal lag 2015</i>
Finnmark	0	0	0	0
Troms	40 528	6	114 428	10
Nordland	71 396	5	61 140	5
Nord-Trøndelag	118 410	9	136 558	9
Sør-Trøndelag	113 606	7	112 410	7
Møre og Romsdal	367 332	32	356 120	35
Sogn og Fjordane	180 964	15	212 582	18
Hordaland	249 074	13	271 590	19
Rogaland	98 670	8	106 032	8
Vest-Agder	109 480	7	98 322	10
Aust-Agder	103 060	7	122 656	8
Telemark	52 874	4	55 036	4
Vestfold	0	0	0	0
Buskerud	43 316	5	29 908	3
Oppland	47 404	4	64 246	6
Hedmark	0	0	0	0
Oslo	10 164	1	14 050	2
Akershus	0	0	5 452	1
Østfold	12 578	1	11 744	1
Sum til laga	1 618 856	122	1 772 274	147

12 Rekneskap

Melding frå styret om året 2016

Noregs Ungdomslag er ein kulturorganisasjon, som gjennom folkelege kulturaktivitetar vil skape engasjement og levande lokalmiljø. Kontoret til sentralleddet er lokalisert i Oslo.

Årsrekneskapen med notar gir etter styret si vurdering fullstendig og utfyllande informasjon om organisasjonen si utvikling, resultat og stilling ved utgangen av rekneskapsåret. Det har ikkje skjedd overordna eller strategiske endringar som har gitt konsekvensar for organisasjonen i 2016. Styret kjenner ikkje til tilhøve som har oppstått etter at rekneskapsåret vart avslutta, som har konsekvensar for vurderinga av årsrekneskapen.

Årsrekneskapen for 2016 er satt opp under føresetnad av fortsatt drift. Det blir med dette stadfesta at føresetnadene for fortsatt drift er til stade.

Arbeidsmiljøet blir vurdert som godt. Det er ikkje rapportert om skader eller ulukker på arbeidsplassen i løpet av året. Organisasjonen har hatt ei langtidssjukemelding i 2016, men har elles ikkje nemneverdig sjukefråvær.

Organisasjonen har 5 faste årsverk. Styret er samansett av 7 personar; 3 menn og 4 kvinner. Styret har ikkje funne det naudsynt å iverksetje særskilde tiltak med omsyn til likestilling.

Verksemda medfører ikkje forureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Avfall blir kjeldesortert i samsvar med eksisterande rammevilkår.

Oslo, 12. mars 2017

Mette Vårdal
styreleiar

Marit Nerås Krogsæter
styremedlem

Håvard Ims
styremedlem

Tone Mjælde
styremedlem

Kevin Theigman
styremedlem

Morten Nilsen
styremedlem

Eli Ulvestad
generalsekretær

Torbjørn Bergwiz Lauen
styremedlem

Resultatrekneskap 2016

	Note	2016	2015
Tilskot	8	(4 890 788)	(4 723 657)
Medlemspengar		(2 498 154)	(2 449 035)
Andre inntekter		(2 242 543)	(761 237)
Sum driftsinntekter		(9 631 485)	(7 933 929)
Varekostnad		27 037	68 123
Lønskostnad	3	4 412 704	3 760 283
Anna driftskostnad		4 474 446	3 673 330
Sum driftskostnader		8 914 187	7 501 736
Driftsresultat		(717 298)	(432 192)
Anna renteinntekt		(45 286)	(31 788)
Anna rentekostnad		513	412
Sum finanspostar		(44 773)	(31 376)
Årsresultat	2	(762 071)	(463 568)
Overført til egenkapital med sjølvpålagde restriksjonar		500 000	0
Overført til annan eigenkapital		262 071	463 568
Sum overføringar		762 071	463 568

Balanse 2016

Eigedelar	Note	31.12.16	31.12.15	Eigenkapital og gjeld	Note	31.12.16	31.12.15
Datautstyr		75 319	63 456	Festival/stemnefond		183 321	183 321
Sum inventar	4	75 319	63 456	Opplæringsfondet		231 482	231 166
Aksjar LL Det Norske Teatret (89 stk)		23 500	23 500	Barnlekoverskot		50 000	50 000
Aksjar Den mangfaldige scenen AS (2 stk)	9	20 000	20 000	Eige etter nedlagde lag	7	1 119 448	120 197
Depositum		16 200	16 200	Sum eigenkapital med restriksjonar		1 584 251	584 684
Sum finansielle anleggsmidlar		59 700	59 700	Annan eigenkapital		1 346 907	883 339
Sum anleggsmidlar		135 019	123 156	Resultat		762 071	463 568
Varer		245 304	237 663	Sum eigenkapital utan restriksjonar		2 108 977	1 346 907
Sum varelager		245 304	237 663	Sum eigenkapital		3 693 228	1 931 591
Kundefordringar	6	572 440	269 528	Leverandørgjeld		230 487	210 804
Kundefordringar, Dramas		350 493	0	Leverandørgjeld, Dramas		1 036 976	0
Lønnsforskot		(0)	1 716	Sum leverandørgjeld		1 267 463	210 804
Sum kortsiktige fordringar		922 933	271 244	Skuldig skattetrekk		149 320	127 003
Forskotsbetale kostnader		965	92 405	Sum skattetrekk og andre trekk		149 320	127 003
Sum forskotsbetalte kostnader		965	92 405	Skuldig arbeidsgjevaravgift		168 830	162 612
Kontantar		1 757	3 169	Sum offentlege avgifter		168 830	162 612
Bankinnskot	5	6 491 199	3 800 308	Prosjektresultat overført neste år		2 876 771	1 211 870
Bankinnskot, Dramas		1 315 996	0	Frifondmidlar til utdeling		11 408	0
Sum likvide midlar		7 808 952	3 803 477	Dokumentasjon lagsbruk		500 000	500 000
Sum omløpsmidlar		8 978 154	4 404 789	Skuldige feriepengar		392 481	342 538
EIGEDELAR		9 113 173	4 527 946	Påløpte kostnader		53 673	55 000
				Omstridt krav		0	(13 471)
				Sum anna kortsiktig gjeld		3 834 333	2 095 937
				Sum gjeld		5 419 945	2 596 356
				EIGENKAPITAL OG GJELD		9 113 173	4 527 946

Mette Vårdal

Mette Vårdal
styreleiar

Tone Mjælde

Tone Mjælde
styremedlem

Torbjørn Bergwiz Lauen

Torbjørn Bergwiz Lauen
styremedlem

Marit Nerås Krogsæter

Marit Nerås Krogsæter
styremedlem

Kevin A. Theigman

Kevin Theigman
styremedlem

Håvard Ims

Håvard Ims
styremedlem

Morten Nilsen

Morten Nilsen
styremedlem

Eli Ulvestad

Eli Ulvestad
generalsekretær

Note 1: Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk. Unntaksreglane for små føretak er brukt for dei postane det er mogleg.

Prinsipp for inntektsføring

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet. Kostnader er medtekne etter samanstillingsprinsippet, det vil seie at kostnader er tekne med i den perioden som dei tilhøyrande inntektene er inntektsført.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av gjeld

Eigendelar som er tenkt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal bli betalt innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til kostpris, men blir nedskriven til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vere forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid, blir avskrive lineært over forventa økonomisk levetid.

Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av kostpris og virkelig verdi.

Kortsiktig og langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmidlar blir balanseført til kostpris med frådrag for lineære avskrivningar over driftsmidlane si forventa levetid.

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane, og utover dette blir det gjennomført ei uspesifisert avsetning for å dekke sannsynlege tap.

Note 2: Prosjektrekneskap 2016

	<i>Rekneskap 2015</i>	<i>Budsjett 2016</i>			<i>Rekneskap 2016</i>			Merkn.
	<i>Sum</i>	<i>Inntekter</i>	<i>Kostnader</i>	<i>Sum</i>	<i>Inntekter</i>	<i>Kostnader</i>	<i>Sum</i>	
101 Personalkostnader	2 688 781	0	2 757 500	2 757 500	0	2 235 673	2 235 673	A
103 Kontordrift	1 260 869	(35 000)	1 048 000	1 013 000	(47 357)	1 115 034	1 067 677	B
104 Reisekostnader	181 906	0	130 000	130 000	0	168 798	168 798	C
105 Varesal	10 935	(25 000)	65 000	40 000	(22 309)	28 420	6 111	D
Sum kontoret	4 142 491	(60 000)	4 000 500	3 940 500	(69 666)	3 547 925	3 478 259	
210 Landsmøtet	16 264	(247 000)	317 000	70 000	(246 854)	320 757	73 903	
211 Styret	446 548	0	510 000	510 000	0	491 850	491 850	E
212 Landsrådet	4 570	(35 000)	40 000	5 000	(65 200)	63 330	(1 870)	
213 Utval under styret	48 954	0	60 000	60 000	0	61 105	61 105	
221 Valnemnda	25 800	0	25 000	25 000	0	12 478	12 478	
260 Samarbeidsorganisasjonar	125 020	(5 000)	88 000	83 000	(10 605)	88 466	77 861	F
Sum styringsstruktur	667 156	(287 000)	1 040 000	753 000	(322 659)	1 037 987	715 328	
301 Sommarleir	77 383	0	125 000	125 000	(2 062)	46 667	44 605	
311 Kven Veit	(3 980)	(55 000)	76 000	21 000	(54 725)	76 255	21 530	
312 Gjesteinstruktør organisasjon	0	(9 000)	5 000	(4 000)	(5 000)	8 473	3 473	
313 Gjesteinstruktør teater	15 883	(15 000)	42 000	27 000	(15 000)	42 421	27 421	
314 Gjesteinstruktør dans	23 087	(12 000)	47 000	35 000	(8 000)	33 364	25 364	
315 Instruktør opplæringa	8 331	(2 000)	60 000	58 000	(1 140)	39 248	38 108	
335 Nordlek-stemner	(57 362)	0	20 000	20 000	(6 956)	11 187	4 231	
Sum sentrale tilskipingar	63 342	(93 000)	375 000	282 000	(92 883)	257 615	164 732	

401 Lokallagsbesøk	112 692	0	70 000	70 000	(11 522)	75 139	63 617	G
411 Ungdomshussatsing	99 644	(10 000)	35 000	25 000	(160 914)	171 091	10 177	
412 Huset i bygda Hordaland	(122 711)	(122 711)	199 711	77 000	(173 911)	208 656	34 744	
414 Dokumentasjon av lagsbruka	0	(200 000)	200 000	0	0	0	0	
415 NU kulturformidling	45 845	0	310 000	310 000	(35 025)	264 371	229 346	
416 Huset i Bygda Sogn og Fjordane	0	(130 000)	130 000	0	(117 048)	117 047	(1)	
417 Huset i Bygda Møre og Romsdal *	0	(450 000)	500 000	50 000	(450 000)	9 512	(440 488)	
421 Teater til alle *	(200 000)	(200 000)	200 000	0	(200 000)	0	(200 000)	
433 Ny giv (folkedansinstruktører)	(43 448)	(43 448)	43 448	0	(43 448)	43 966	518	
434 Folkepedia	0	(200 000)	295 000	95 000	(203 990)	293 097	89 107	
441 Bunadstur	8 500	0	0	0	0	0	0	
* Prosjektresultat overført til 2017	366 159	0	0	0	640 488	0	640 488	
Sum prosjekt og satsingar	266 681	(1 356 159)	1 983 159	627 000	(755 370)	1 182 878	427 508	
501 Kulturalliansen *	(798 801)	(798 801)	568 801	(230 000)	(1 798 801)	718 309	(1 080 493)	
502 Felles amatørteatertiltak *	(12 957)	(132 957)	32 957	(100 000)	(220 000)	167 410	(52 590)	
503 Dramas *	(33 952)	(1 789 002)	1 689 002	(100 000)	(2 213 070)	1 460 364	(752 706)	
* Prosjektresultat overført til 2017	845 710	0	0	0	1 885 788	0	1 885 788	
Sum eksterne oppdrag	0	(2 720 760)	2 290 760	(430 000)	(2 346 083)	2 346 083	0	
701 Informasjonsmaterieill	6 473	0	25 000	25 000	0	26 802	26 802	
702 Nettsider	33 196	0	100 000	100 000	0	37 876	37 876	
703 Medlemsblad	350 899	(75 000)	409 000	334 000	(60 944)	372 903	311 960	H
704 Samarbeid Norsk barneblad	111 389	0	120 000	120 000	0	104 629	104 629	
Sum informasjonsarbeid	501 956	(75 000)	654 000	579 000	(60 944)	542 209	481 266	
901 Kontingent frå medlemmer og lag	(2 449 035)	(2 400 000)	0	(2 400 000)	(2 498 154)	0	(2 498 154)	
902 Driftstilskot	(3 656 160)	(3 565 000)	0	(3 565 000)	(3 531 011)	0	(3 531 011)	I
Sum generelle inntekter	(6 105 195)	(5 965 000)	0	(5 965 000)	(6 029 165)	0	(6 029 165)	
Årsresultat	(463 568)	(10 556 919)	10 343 419	(213 500)	(9 676 771)	8 914 698	(762 072)	

Note 3-9

Note 3 Lønnskostnader	2016	2015
Løn og feriepengar	3 617 613	3 137 813
Refundert løn	(173 885)	(158 205)
Arbeidsgjevaravgift	536 635	459 186
Pensjonskostnader	247 455	245 368
Andre ytingar	154 000	32 000
Andre kostnader	30 885	44 121
Sum lønnskostnader	4 412 703	3 760 283

Gjennomsnittleg tal tilsette	5	5
-------------------------------------	----------	----------

Ytingar til leiande personar	Generalsekr.	Styret
Løn og feriepengar	600 159	66 237
Pensjonsytingar	54 096	0
Anna godtgjersle	0	154 000

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2016 utgjer kr 75.000.

Pensjonsforsikring

Noregs Ungdomslag har ytingsbasert pensjonsforsikring for sine tilsette.

Note 4 Varige driftsmidlar (datautstyr)

Kostpris 1.1.	63 456
Kjøp gjennom året	54 601
Avgang i året	0
Kostpris 31.12.	118 057
Akkumulerte avskrivningar 31.12	(42 738)
Balanseført verdi 31.12	75 319

Årets avskrivningar	(42 738)
Økonomisk levetid	3 år
Avskrivningsplan: Lineær	33 %

Note 5 Bundne midlar

I posten inngår bunde innskot på skattetrekkkonto kr 149.478, som er tilstrekkeleg til å dekke skuldig skattetrekk pr 31.12.2016.

Note 6 Kundefordringar	2016	2015
Motteke tilsagn, ikkje utbetalt	350 000	215 000
Mellomvere Unicornis (kontingent)	304 153	178 993
Mellomvere fylkeslaga (kontingent)	(114 207)	(98 078)
Mellovere Norsk teaterråd	0	1 018
Reiserekningar utbetalt januar påfølgjande år	(9 016)	(39 544)
Andre kundefordringar	41 510	12 139
Sum kundefordringar	572 440	269 528

Note 7 Eige etter nedlagde lag

Audna Ungdomslag	12 124	12 107
Rogalandslaget	16 727	16 704
Fylkeslaget Trysalir	12 014	11 997
Åssiden leikkarring, nedl. 2005	18 834	18 808
Nedal Ungdomslag, nedl. 1988	55 611	55 535
Halsa Ungdomslag, nedl. 2013	5 052	5 045
UL Heimly, 2016	999 086	0
Sum eige etter nedlagde lag	1 119 448	120 197

Note 8 Tilskot til drifta

Lønsbidrag frå prosjekt	(430 000)	(365 000)
Driftstilskot BUF-dir	(1 146 491)	(1 154 149)
Driftstilskot frå Kulturdepartementet	(1 076 000)	(1 056 000)
Driftstilskot Norsk kulturråd	(709 224)	(696 000)
Administrasjonstilskot, Studiearbeid	(148 178)	(160 800)
Administrasjonstilskot, Frifond	(85 232)	(93 259)
Momskompensasjon	(365 886)	(485 952)
Prosjekttilskot	(2 861 870)	(1 100 010)
Vaksenopplæringsmidlar	(5 130)	(2 250)
Ymse tilskot	(2 018 141)	(62 133)
Sum tilskot til drifta	(8 846 152)	(5 175 553)

Note 9 Aksjar i tilknytt selskap

Namn på selskapet	Eigardel	Røysteandel	EK pr 31.12	Res. pr.31.12.
Den mangfaldige scenen AS	33 %	33 %	97 502	(62 413)

UAVHENGIG REVISORS BERETNING FOR 2016

Til medlemmene i Noregs Ungdomslag

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Noregs Ungdomslags årsregnskap som viser et overskudd på kr 762 071. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2016 og resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av foreningens finansielle stilling per 31. desember 2016, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i «Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet». Vi er uavhengige av foreningen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av opplysninger i årsberetningen, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til foreningens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.



Revisorgruppen

Revisorgruppen Oslo AS
Osloens gate 30
Pb. 7154 Majorstuen
N-0307 Oslo

Tlf.: +47 23 20 49 00
Faks: +47 23 20 49 01

E-post: oslo@rg.no

Forretningsregisteret
NO 917 275 254 MVA

www.rg.no

UAVHENGIG REVISORS BERETNING FOR 2016

Noregs Ungdomslag

Side 2

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betyggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til <https://www.revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Oslo, 29. mars 2017

Revisorgruppen Oslo AS

Arnt Holm Toverud
statsautorisert revisor

